



# Kvalitetsmeldinga

for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal **2021**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhald

<b>Forord .....</b>	2
<b>Samandrag .....</b>	3
<b>1 Innleiing .....</b>	4
1.1 Om kvalitetsmeldinga og mål for opplæringa .....	4
1.2 Årshjul for kvalitetsarbeid .....	5
1.3 Om vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.....	6
1.4 Inntak til dei vidaregåande skolane .....	7
<b>2 Læringsmiljø .....</b>	9
2.1 Lokale mål .....	9
2.2 Vurderinga til skoleeigar .....	9
2.2.1 Elevundersøkinga .....	12
2.2.2 Læringsmiljø - HMS for elevar .....	22
2.2.3 Undervisningsevalueringa .....	23
2.2.4 Lærings- og arbeidsmiljø for lærlingar i Møre og Romsdal .....	23
<b>3 Læringsresultat .....</b>	29
3.1 Lokale mål .....	29
3.2 Vurderinga til skoleeigar .....	29
3.2.1 Flest fullfører og består på idrettsfag .....	31
3.2.2 Flest fullførte og bestod på studieførebuande utdanningsprogram .....	33
3.2.3 Litt fleire jenter enn gutar fullfører og består.....	33
3.2.4 Fullført og bestått fordelt på skolar og trinn .....	34
3.2.5 Karaktersnittet har gått litt opp dei siste åra.....	35
3.2.6 Karakterar frå grunnskolen har betydning .....	38
3.2.7 Rekordlågt fråvær.....	38
3.2.8 Elevar som slutta i løpet av skoleåret 2020-2021.....	40
3.2.9 Aktivitet hos elevar som har slutta - ungdom i oppfølgingstenesta .....	43

<b>4</b>	<b>Gjennomføring .....</b>	45
4.1	Lokale mål .....	45
4.2	Vurderinga til skoleeigar .....	45
4.2.1	Gjennomføring i løpet av fem/seks år .....	47
4.2.2	Gjennomføring i løpet av fem/seks år, inkl. planlagt grunnkompetanse ..	48
4.2.3	Gjennomføring fordelt på utdanningsprogram .....	49
4.2.4	Over 3 prosent av 2014-kullet er framleis i opplæring .....	52
4.2.5	Gjennomføring i yrkesfaga .....	53
<b>5</b>	<b>Leiing og profesjonsutvikling .....</b>	62
5.1	Lokale mål .....	62
5.2	Vurderinga til skoleeigar .....	62
5.2.1	Oversikt over kompetanseutvikling .....	63
5.2.2	Grunnudanning .....	64
5.2.3	Vidareutdanning for lærarar <i>Kompetanse for kvalitet</i> .....	64
5.2.4	Lærarspesialistordninga .....	65
5.2.5	Etterutdanning .....	65
5.2.6	Skolebasert etterutdanning .....	66
5.2.7	Etter- og vidareutdanning av leiarar.....	67
<b>6</b>	<b>Ressursbruk .....</b>	68
<b>7</b>	<b>Arbeidet vidare .....</b>	72
	<b>Figuroversikt .....</b>	73

## Forord

No legg vi bak oss to heilt spesielle skoleår. Koronapandemien har ramma alle, på ulike måtar og over tid, men no er vi endeleg på veg mot kvardagen igjen. Derfor er det spesielt gledeleg at vi kan vise til stabile og positive resultat også for skoleåret 2020-2021, og med dette ønske betre tider velkommen.

Det er ikkje enkelt å halde stand i ein ekstraordinær situasjon over tid, og ein langvarig pandemi var dei færraste førebudde på. I år vil vi derfor rette ein heilt spesiell takk til alle tilsette i opplæringssektoren i fylket, og spesielt til dei tilsette i skolane og lærebedriftene våre. Vi er veldig stolte over det gode arbeidet, som har halde fram trass ein lang periode med uro, omstilling og stor usikkerheit.

Også elevane og lærlingane våre fortener ein stor takk. Dei har halde ut i periodar kor det vanlege ungdomslivet vart sett på vent, periodar som for mange kunne vore delar av den beste tida i livet. Fleire lærlingar har erfart stor usikkerheit og eit uroleg arbeidsliv, kor nokre bransjar har blitt ramma hardare enn andre. Vi håpar at så mange som mogleg av ungdommane våre har kome godt ut av pandemien, også utover skoleresultata.

Når vi no møter kvardagen igjen, er han på mange måtar ny. Vi ber med oss mange nye erfaringar, kompetansar og perspektiv. Fjernundervising har vi no god erfaring med, og i eit fylke med geografiske hindringar vil ein kunne dra god nytte av digitale møteplassar også i framtida. Det blir viktig å hente også andre lærdommar frå tida med pandemi, og å hugse på at dei nye erfaringane kan vere viktige bidrag til ei positiv og framtidsretta utvikling.

God lesing!

Erik Brekken

Erik Brekken  
Kompetanse- og næringsdirektør



Kariann Dimmen Flovikholm  
Kompetancesjef

## **Samandrag**

*Kvalitetsmeldinga 2021 viser at kvaliteten på den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal ligg på eit stabilt nivå, og det er samla sett få store endringar frå førre melding.* Blant dei endringane vi ser er dei fleste positive, og store utslag har gode forklaringar. At tala er jamne frå år til år er eit godt teikn i seg sjølv, og er eit uttrykk for systematisert og godt arbeid over tid.

*Læringsmiljøet* i skolane er i hovudsak godt, og dei aller fleste elevane trivst på skolane våre. Vi ser også at færre elevar vart mobba på dei vidaregåande skolane i fylket, og det same gjeld for dei med opplæring i bedrift. Dei største endringane frå førre skoleår finn vi i lærlingundersøkinga, kor blant anna indikatoren for halvårvurderinga har ein auke på heile 0,4 poeng. Vi må arbeide vidare med *medverknad og elevdemokrati* og *vurdering for læring*, som er forbettingsområde vi har felles med dei andre fylka.

*Læringsresultata* er stabile, og heile 91,3 prosent av elevane i Møre og Romsdal fullførte og bestod skoleåret 2020-2021. Dette er ei tangering av resultatet frå førre skoleår, og det beste resultatet blant fylka. Karaktersnittet ligg stabilt, med ein svak auke frå førre skoleår. Vi har det lågaste fråværet blant fylka med 2,5 prosent, men den store nedgangen dei siste åra må sjåast i lys av dei midlertidige reglane for fråvær knytte til Koronapandemien.

*Gjennomføringa* utviklar seg jamt og positivt for elevane i vidaregåande skolar. Vi ser noko større utslag for dei med opplæring i bedrift. Ein større del av elevane vel yrkesfagleg retning og fleire søker seg ut i lære. Dette er ei positiv utvikling, fordi vi veit at næringslivet er heilt avhengig av ny, ung og lokal kompetanse i åra som kjem. Vi er det einaste fylket i landet som aukar talet på nye lærekontraktar dei tre siste skoleåra. Ein ser at Koronapandemien har hatt større utslag for lærlingar og lærebedrifter enn for opplæringa i skole.

*Leiing og profesjonsutvikling* må halde fram som eit særleg satsingsområde. Det er viktig at dette arbeidet er langsiktig og heilskapleg. Slik sikrar vi at skoleleiarar, tilsette, fagnettverk og samarbeidspartnarar får arbeide godt og systematisk over tid.

# 1 Innleiing

## 1.1 Om kvalitetsmeldinga og mål for opplæringa

Kvalitetsmeldinga 2021 er ein tilstandsrapport på kvaliteten til den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune etter [Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2020-2024](#). Kvalitetsmeldinga gir retning og grunnlag for den vidare fylkesstrategien for kvalitet i vidaregåande opplæring, og sikrar skoleeigar føresetnader for å arbeide for ei heilskapleg kvalitetsutvikling. Kravet om årleg melding om tilstand er heimla i [opplæringslova § 13-3e](#), knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.


Det er Fylkestinget som er øvste ansvarleg for den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune, og Kvalitetsmeldinga skal sikre Fylkestinget dei kunnskapane som trengst for å følgje utviklinga i opplæringa på ein god måte. Årsmeldingane som er vedlagde gir også eit bilet av den enkelte skole, og greier ut om elevsamansettning, organisering, resultat og om korleis det blir arbeidd med kvalitetsutvikling og læringsmiljø på kvar skole. Årsmeldingane er også eit viktig utgangspunkt for dialogar og drøftingar om kvalitetsutvikling mellom skolane og skoleeigar, og dei er viktige i arbeidet med å gjere opplæringa best mogleg for elevane våre.

Data er henta frå SSB og Utdanningsdirektoratet, til dels gjennom IT-tjenesta Hjernen&Hjertet. Tala viser resultat på det nasjonale og det fylkeskommunale nivået, mens årsmeldingane til skolane viser resultat og tal på skolenivå (sjå vedlegg). Delar av tala for skoleåret 2020-2021 blir oppdaterte etter ferdigstillinga av kvalitetsmeldinga, og dette kan føre til små endringar i statistikken. Dette gjer seg spesielt gjeldande for tala knytte til dei med opplæring i bedrift.

Delar av statistikken legg framleis den gamle fylkesinndelinga til grunn. Den nye fylkesinndelinga skapar også manglar i enkelte samanlikningar, fordi dei samanslårte fylka ikkje har opparbeidd seg statistiske tal over tid. Delar av statistikken vil vere unntatt offentlegheita der det er fare for å kunne identifisere individ, og dette er eit personvernsomsyn.

## 1.2 Årshjul for kvalitetsarbeid


Arbeidet med kvaliteten i dei vidaregåande skolane skjer i tett dialog mellom skoleeigar og skoleleiarar. Årshjulet er eit uttrykk for dette, og viser korleis samarbeidet er forankra:



Kvalitetsmeldinga, og årsmeldingane frå skolane, skapar grunnlag for blant anna *leiardialogar, oppdragsavtalar mellom skoleeigar og skolar* (jf. sak UD-7/14), *handlingsplanar* og *fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring*. Under eitt er kvalitetsmeldinga heilt sentral i det årlege kvalitetsarbeidet.

### 1.3 Om vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal

Etter omorganiseringa har vi ansvar for 20 vidaregåande skolar (Omstilling 2020), skoleåret 2020-2021 hadde vi 22. Skolestrukturen er desentralisert, med vidaregåande skolar i alle dei ulike regionane i fylket. Fagskolen har avdeling i Kristiansund og Ålesund:



Figur 2: Oversiktskart, vidaregåande skolar i Møre og Romsdal

I skoleåret 2020-2021 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 9 332 elevar og 2 434 lærlingar. Omlag 54 prosent av dei i vidaregåande opplæring høyrde til yrkesfaga, mens 46 prosent høyrde til studieførebuande utdanningsprogram. Den gjennomsnittlege skolestorleiken låg på 424 elevar. Dei to minste skolane er Tingvoll vgs med 106 elevar og Gjermundnes vgs med 117. Til samanlikning hadde Fagerlia vgs 940 elevar i skoleåret 2020-2021. Utdanningssektoren har omlag 2 000 tilsette. Av desse har rundt 1 500 pedagogisk ansvar.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr opplæring i ordinære opplæringsløp, i tillegg til fleksible opplæringsløp. Fleksible opplæringsløp er regulert i lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling. I kvalitetsmeldinga inngår fleksible opplæringsløp i statistikken for utdanningsprogramma dei hører til.

Møre og Romsdal fylkeskommune har 481 godkjente sjølvstendige lærebedrifter og 1183 medlemsbedrifter i 38 godkjente opplæringskontor.

Fylkeskommunen er fagleg og administrativt ansvarleg for både grunnskoleopplæring og opplæring på vidaregåande nivå i kriminalomsorga. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for opplæringstilbod ved Hustad fengsel og Ålesund fengsel, opplæringa er knytt til Borgund vgs og Romsdal vgs. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for opplæring for barn og ungdom ved barneverns- og helseinstitusjonar.

Elevar mellom 16 og 21 år som avbryt opplæringa, har lovfesta rett til å bli følgd opp av oppfølgingstenesta (OT). I Møre og Romsdal har vi 8 stillinger knytt til OT. Desse er fordelt på 16 rådgivarar rundt om i fylket.

## 1.4 Inntak til dei vidaregåande skolane

Inntaket og dimensjoneringa er styrt av lov, forskrift og politiske prioriteringar. Ungdom som har gjennomgått grunnskolen eller tilsvarende utdanning har lovfesta rett til vidaregående opplæring. Denne retten blir omtalt som ungdomsrett. Ungdomsretten gjeld ut det skoleåret som startar det året personen fyller 24 år.

Tilboden er dimensjonert etter to hovudprinsipp:

- Målsettinga om at *90 prosent av søkerane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på vg1*, som er gitt i *Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregående opplæring i Møre og Romsdal 2020-2024*.
- Skole- og tilbodsstrukturen skal vere i tråd med politiske vedtak, med vekt på at vi skal ha ein desentralisert skolestruktur.

Desse to prinsippa kan vere motstridande, då høg grad av oppfylte førsteønsker kan gi ei større innsøking til dei største skolane.

I tråd med opplæringslova § 3-1 får alle søkerar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring tilbod om skoleplass. Skoleåret 2020-2021 fekk 87 prosent av søkerane med ungdomsrett oppfylt primærønsket sitt på vg1. Til samanlikning fekk 90 prosent av søkerane med ungdomsrett oppfylt primærønsket sitt på vg1 skoleåret 2021-2022.

## 2 Læringsmiljø

### 2.1 Lokale mål

Måla for gode og trygge læringsmiljø er vedteke i [Fylkesstrategi for kvalitet \(2020-2024, s.6\):](#)

Alle elevar og lærlingar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø som fremmer helse, trivsel, inkludering og læring. Både Barnekonvensjonen og Opplæringslova kapittel 9A, er sentralt i arbeidet med det psykososiale- og det fysiske miljøet. Skolane og lærebedriftene skal drive eit systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremme dette, og ha rutinar som sikrar oppfølging og saksbehandling. Alle skal oppleve å vere ein del av det faglege og sosiale fellesskapet, både på digitale og andre sosiale arenaer, slik at dei meistrar liva sine.

Arbeidet med læringsmiljø, elevdemokrati og medverknad vart også fremma som særsiktig prioriterte område i Fylkesstrategi for kvalitet (2020-2024, s. 3).

### 2.2 Vurderinga til skoleeigar

***Det er få endringar i resultata frå elevundersøkinga, og resultata er stabile.*** Dette er eit teikn på at det framleis blir arbeidd godt med læringsmiljøfaktorar på dei vidaregåande skolane i fylket. Ein veit at gode læringsmiljø er ein viktig del av grunnlaget for læring og gjennomføring, og at trygge miljø er ein føresetnad for å hindre mobbing.

Vi ser ei positiv utvikling innanfor indikatoren for *læringskultur*, med ein auke på 0,1 poeng frå førre skoleår. Elevundersøkinga viser også at skolemiljøet er tryggare; færre vart mobba, og fleire er nøgde med skolehelsetenesta. Den positive utviklinga knytt til skolehelsetenesta kan skuldast at helsa til elevane vart ein stor del av nyheitsbiletet i samband med pandemien.

Indikatoren for *elevdemokrati og medverknad* er framleis mindre tilfredsstillande, og viser at vi må arbeide vidare med området. Det kan vere fleire forklaringar på kvifor elevane i Møre og Romsdal melder om lågare grad av medverknad og elevdemokrati enn i andre fylker. Vi kan for eksempel spørje oss om forståinga av temaet og omgrepene er lik hos lærarar og elevar. Ei samstemt forståing av omgrep og tema er ein viktig føresetnad for godt utviklingsarbeid.

Fleire av spørsmåla knytte til elevdemokrati og medverknad heng saman med arbeidsmåtane i faga. Går vi inn på spørsmålsnivået i undersøkinga finn vi ein framgang på spørsmålet om grad av medverknad knytt til val av arbeidsmåtar. Mellom faga varierer resultatet på det same spørsmålet. Elles ser vi at elevane opplever at lærarane legg godt til rette for deltaking i elevrådsarbeid og anna tillitsvaldsarbeid, men at dei ønsker å bli høyrde oftare.

Vi ser også ei avgrensa negativ utvikling knytt til digitale ferdigheiter, der vi har hatt ein liten tilbakegang på tre av fem spørsmål. Ein kan her vurdere om den massive teknologibruken under koronaperioden kan ha slått negativt ut i lengda. Vi veit at einskild bruk kan føre til trøyttelek. Det systematiske arbeidet med teknologi kan også ha blitt nedprioritert under pandemien. Nedgangen er eit argument for å halde trykk på arbeidet med teknologi og digitale ferdigheiter i tida framover.

***Vi ser fleire endringar frå førre skoleår i Lærlingundersøkinga og Lærebedriftsundersøkinga, og dei er i hovudsak positive.*** Blant anna har indikatoren for halvårvurdering i lærlingundersøkinga auka med heile 0,4 poeng sidan førre undersøking, og vi ligg no på eit tilfredsstillande nivå. Resultatet speglar eit medvitent og målretta arbeid sidan førre undersøking. Halvårvurderingar er viktige for å kunne kvalitetssikre opplæring i bedrift, og gir lærlingane moglegheit til å bli høyrde om opplevelingane deira i læretida. Ein god praksis for halvårvurderingar er viktig for å sikre høgare grad av medverknad. Indikatoren for motivasjon, for HMS (helse, miljø og sikkerheit), og for læreplan har også betra seg.

Indikatoren for mobbing går tilbake med heile 1,1 prosent frå førre undersøking, og er no nede på 3,0 prosent. Dette er ei utvikling vi er nøgde med, og som vi må halde fast på gjennom framleis vektlegging av gode arbeidsmiljø på arbeidsplassane til dei som har læretid i bedrift. At fleire har fullført halvårsvurderingar kan ha bidrige positivt til betringa av mobbetala.

Trass ei i hovudsak positiv utvikling, ser vi at resultata er svekka i indikatoren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i bedrift. Ein har rom for betring her. Det er ein vesentleg føresetnad at opplæringa på skolane er relevant, og at ho er tilpassa dei faktiske situasjonane elevane vil møte i bedriftene.

Vi ser også ein liten auke i tal av lærlingar som har opplevd uønskt seksuell merksemd. Ei forklaring på dette kan vere at vi har eit synleg lærlingombod, som oppfordrar til å melde frå om saker og som arbeider aktivt med temaet. Dette kan vere ein av grunnane til at vi har sett ein auke i tala på lærlingar som opplever uønskt seksuell merksemd. Vi må vurdere det som positivt om fleire lærlingar vågar melde frå.

Med bakgrunn i resultata frå førre lærlingundersøking vart det utarbeidd ein plakat for å førebygge uønskt seksuell merksemd. Arbeidet skjedde i samarbeid med Ungdomspanelet. Plakaten vart sendt til alle lærebedriftene i Møre og Romsdal. Målet var å skape medvit og fokus på kva uønskt seksuell merksemd er, og korleis ein kan fremme gode arbeidsmiljø i lærebedriftene.

Det blir også arbeidd med å auke graden av medverknad for lærlingar i Møre og Romsdal. Saka skal opp til politisk behandling hausten 2021.

## 2.2.1 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga greier ut om læringsmiljøet til elevar i vidaregåande opplæring. Undersøkinga tek føre seg læring og trivsel, og gir elevane moglegheit til å bli høyrde om korleis dei opplever skolekvardagen. Elevundersøkinga er også eit kartleggingsverktøy for skolane og skoleeigarar, og er ein sentral målestokk i arbeidet med kvaliteten til opplæringa.


I Møre og Romsdal blir alle elevar tilbydd å svare på undersøkinga, kvart skoleår. Det er undersøkinga frå skoleåret 2020-2021 som ligg til grunn for Kvalitetsmeldinga, og undersøkinga omhandlar alle dei offentlege vidaregåande skolane i fylket frå denne perioden.

Svarprosenten er på 84,1 prosent, og dette er ein nedgang på 4,2 prosentpoeng frå førre skoleår. Til samanlikning ligg det nasjonale snittet på 84,1 prosent. Undersøkinga vart fullført i perioden 1. oktober 2020 til 31. desember 2020.

I elevundersøkinga finn vi samla sett få endringar frå førre skoleår, og dei endringane vi har er små. Indikatoren for læringskultur har ein oppgang på 0,1 poeng samanlikna med førre år og fylkesgjennomsnittet. Samanlikna med fylka går vi også ned 0,1 poeng i indikatorane for *støtte frå heimen* og *elevdemokrati og medverknad*.

Det er viktig å presisere at desse resultata er samanfatta, og viser til gjennomsnittet til skolane i fylket. Ein kan likevel finne resultata til den enkelte skole i årsmeldingane. Desse ligg som vedlegg til kvalitetsmeldinga.

Sjå resultatoverblikket på neste side.



Figur 3: Overblikk over indikatorane i Elevundersøkinga, gjennomsnitt. Kjelde: Hjernen&Hjertet<sup>1</sup>:

<sup>1</sup> Skalaen går fra 1-5, der 5 er høgaste skår. Tilfredsstillende kvalitet er grøn og ligg på 4,0. For nokre spørsmål er gjennomsnittet for langt unna 4,0 og fargekodane er derfor tilpassa grenseverdien for spørsmåla. Under samanlikningar viser grøn pil til positiv utvikling, raud pil til negativ utvikling, og grå pil inga utvikling. Samanlikningar mot andre fylke: grøn pil viser betre resultat i Møre og Romsdal enn gjennomsnitt av fylka, raud pil viser dårlegare resultat i Møre og Romsdal enn gjennomsnitt av fylka, og grå pil viser til same resultat. Pil rett opp viser signifikant utvikling, pil rett ned viser signifikant nedgang, og pil rett bort viser inga utvikling.

Vi ser at færre elevar vart mobba på dei vidaregåande skolane i fylket. Denne utviklinga er ein del av ein langvarig positiv trend, og mobbetalet er litt lågare enn fylkesgjennomsnittet:

#### **Mobbing på skolen, prosent**

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18	Alle fylker
Total	2,9	3,2	3,7	4,6	3,0

Figur 4: Mobbing, utvikling over tid. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Vidare i kapittelet vil vi greie ut om resultata innan kvar indikator, og gå i djupna på svarfordelingane på fylkesnivå. Endringar frå førre undersøking vil bli vige særskild merksemd, og resultata frå kvar indikator vart sett i samanheng med fylkesgjennomsnittet kor dette er relevant.

#### **Tilpassa opplæring og meistring**


Ei godt tilpassa opplæring sikrar motivasjon, og dannar grunnlag for meistring og fagleg utvikling for alle elevar. I overblikket til elevundersøkinga ser vi at elevane opplever høg grad av motivasjon, meistring og fagleg utfordring. Kvaliteten på desse indikatorane er tilfredsstillande.

#### **Trivsel**

Elevundersøkinga viser at trivselen er god, men at det er rom for forbetring. Trivsel er ein viktig bidragsyta til eit godt læringsmiljø. Trivsel er også viktig for det psykososiale miljøet til elevane. Elevundersøkinga viser ein klar samanheng mellom eit godt miljø på ei side, og stor grad av motivasjon og innsats på annan side. Dei aller fleste elevane trivst, 97,3 prosent. Vi har ein positiv trend, og samanlikna med det nasjonale nivået ligg vi på gjennomsnittet. I årsmeldingane til skolane kan ein lese meir om arbeidet til skolane med å skape inkluderande haldningar og gode, trygge læringsmiljø.


## Trygt miljø

Indikatorane knytte til trygt miljø ligg stabilt samanlikna med førre undersøking og fylka, og ein ser at ein stor del av elevane kjenner seg trygge i klassane sine. Vi ser også at fleire er nøgde med skolehelsetenesta samanlikna med førre skoleår, her har vi også ei betring overfor alle fylka.



Figur 5: Trygt miljø. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Vi finn også ei positiv utvikling knytt til mobbing på skolen, med ei betring av resultata på alle spørsmåla om mobbing i undersøkinga:



Figur 6: Mobbing på skolen, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Felles reglar

Elevane opplever at handhevinga av felles reglar er konsekvent. Resultata er i stor grad uendra frå førre undersøking. Unntaket er at fleire enn førre skoleår erfarer at lærarane kjem presist, då vi her ser ein auke på 0,2 poeng frå skoleåret 2019-2020. Vi legg omlag på fylkesgjennomsnittet:

	Alltid	Ofte	Noen ganger	Sjeldan	Aldri	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Vet du hvilke regler som gjelder for hvordan dere skal ha det på skolen?	54,7%	35,7%	7,0%	1,5%	1,1%	4,4	4,4	4,4
De voksne sørger for at vi følger reglene for hvordan vi skal ha det på skolen	42,4%	41,9%	12,2%	2,4%	1,0%	4,2	4,2	4,2
De voksne på denne skolen reagerer på samme måte hvis elevene bryter reglene.	35,8%	37,8%	18,9%	5,6%	1,9%	4,0	4,0	3,9
*Kommer lærerne presis til timene/arbeidsøktene?	22,4%	58,6%	15,4%	2,7%	0,8%	4,0	3,8	4,0

Figur 7: Felles reglar. Kjelde: Hjernen&Hjertet<sup>2</sup>

## Læringskultur

I overblikket ser vi ein auke på 0,1 poeng i indikator for læringskultur. Auken finn vi i første og andre spørsmål i tabellen under, kor vi ser ein auke på 0,1 poeng på kvar. Gjennomsnittet er det same som førre skoleår i spørsmålet om viktigheita av godt skolearbeid. Blant fylka legg vi i topp saman med Rogaland, med eit resultat på 4,1. Fylkessnittet legg på 4,0:

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Det er god arbeidsro i timene	33,7%	40,4%	16,8%	6,5%	2,6%	4,0	3,9	3,9
Mine lærere synes det er greit at vi elever gjør feil fordi vi kan lære av det	53,2%	34,1%	10,3%	1,7%	0,7%	4,4	4,3	4,3
I klassen min synes vi det er viktig å jobbe godt med skolearbeidet	25,5%	42,8%	24,1%	6,2%	1,4%	3,8	3,8	3,8

Figur 8: Læringskultur. Kjelde: Hjernen&Hjertet

<sup>2</sup> Spørsmål indikerte med stjerne inngår ikkje i indikatorskåren

## Arbeidsforhold og læring

Spørsmåla knytte til arbeidsforhold og læring tek blant anna føre seg dei praktiske arbeidsmåtane, samarbeidet og variasjonen i opplæringa. Samanlikna med førre skoleår ser vi ein auke i bruk av PC og internett, samt ein auke i bruken av diskusjonar mellom lærar og elevar. Møre og Romsdal ligg litt under fylkesgjennomsnittet innan bruk av gruppearbeid og samarbeid i par. På annan side ligg vi litt over fylkesgjennomsnittet i del av elevar som synst det dei lærar er viktig, nyttig og yrkesrelevant.

Resultata samla sett ligg omlag på fylkesgjennomsnittet, og er uttrykk for variasjon i bruken av arbeids- og undervisningsmetodar. Det er viktig å vere klar over at opp til fleire arbeidsmetodar kan bli brukt i ein enkel time, og at ein derfor må sjå svara i samanheng med dei andre. Til dømes er det vanleg å starte og avslutte timane felles, men bruke ulike arbeidsmåtar i tida mellom.

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Jeg synes det vi lærer på skolen er viktig	29,4%	43,0%	16,8%	7,9%	2,9%	3,9	3,9	3,8
Det meste jeg lærer på skolen, vil jeg få nytte av senere i livet	21,6%	34,6%	22,6%	15,7%	5,6%	3,5	3,5	3,4
Samme hvilken jobb jeg får, vil det jeg lærer på skolen være nyttig	20,7%	33,9%	22,7%	16,0%	6,6%	3,5	3,5	3,4
Jeg synes at vi jobber med det vi skal lære på forskjellige måter	23,2%	45,2%	21,0%	8,5%	2,2%	3,8	3,8	3,8

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Lærerne legger til rette for at jeg kan bruke praktiske arbeidsmåter (feks. å lage modeller, bruke måleinstrumenter, rollespill, spill og lignende)	17,0%	28,5%	30,6%	18,9%	5,0%	3,3	3,3	3,3

	Alltid	Ofte	Noen ganger	Sjeldent	Aldri	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Lærerne forklarer tema og oppgaver slik at jeg forstår hvorfor vi jobber med dem	16,8%	43,2%	29,5%	8,6%	1,9%	3,6	3,6	3,6


  

	Hver time	Hver dag	Flere ganger i ukken	1-3 ganger i måneden	Sjeldnere	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Hvor ofte bruker du PC/data/internett i skolearbeidet?	33,7%	52,8%	12,5%	0,6%	0,4%	4,2	4,1	4,2
Læreren underviser klassen samlet	53,2%	38,8%	6,9%	0,5%	0,5%	4,4	4,4	4,4
Samtale/diskusjon mellom lærere og elever	15,7%	34,0%	30,7%	14,3%	5,3%	3,4	3,3	3,4
Elevene jobber alene	12,6%	53,2%	30,3%	2,3%	1,6%	3,7	3,7	3,7
To og to elever jobber sammen	5,5%	28,4%	52,6%	10,6%	2,9%	3,2	3,2	3,3
Gruppearbeid (ikke prosjektarbeid)	3,3%	11,3%	47,2%	31,2%	7,0%	2,7	2,7	2,8
Prosjektarbeid	2,9%	5,2%	21,9%	48,4%	21,7%	2,2	2,2	2,2

Figur 9: Arbeidsforhold og læring. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Digitale ferdigheter

Vi har ei negativ utvikling på tre av spørsmåla knytt til digitale ferdigheter. På spørsmålet om elevane blir uroa av å bruke digitale verktøy finn vi ein auke frå året før, og på dette spørsmålet ligg vi også litt over fylkesgjennomsnittet. Under eitt er resultata gjennomsnittlege.



Figur 10: Digitale ferdigheter. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Vurdering for læring

God vurderingspraksis bidreg til å fremme lærelyst og læring hos elevane. Indikatoren viser inga endring frå førre skoleår, og vi ligg framleis på fylkesgjennomsnittet med ein mindre tilfredsstillande kvalitet. Vi ser likevel positiv utvikling med ein auke på 0,1 på fire av spørsmåla (sjå fjerde, sjuande, åttande og niande spørsmål på neste side)

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?	22,6%	46,3%	25,4%	4,8%	0,9%	3,8	3,8	3,9
Forklarer læreren godt nok hva det legges vekt på når skolearbeidet ditt vurderes?	24,3%	43,5%	25,5%	5,8%	1,0%	3,8	3,8	3,9
Snakker lærerne med deg om hva du bør gjøre for å bli bedre i fagene?	21,1%	35,7%	29,4%	11,5%	2,3%	3,6	3,6	3,6
Får du være med og forestå hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?	9,6%	22,9%	32,9%	23,0%	11,5%	3,0	2,9	2,9
Får du være med og vurdere skolearbeidet ditt?	7,8%	17,6%	32,9%	28,8%	12,9%	2,8	2,8	2,8
Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget	12,0%	28,3%	36,1%	17,9%	5,6%	3,2	3,2	3,3
*Har læreren snakket om hva som kreves for å oppnå de ulike karakterene i halvårsverdningen i fag?	22,3%	37,7%	26,9%	10,6%	2,5%	3,7	3,6	3,6
Forteller lærerne deg hva som er bra med arbeidet du gjør?	24,4%	40,2%	26,0%	8,0%	1,4%	3,8	3,7	3,8
	Flere ganger i uken	1 gang i uken	1-3 ganger i måneden	2-4 ganger i halvåret	Sjeldnere	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?	14,1%	28,4%	40,8%	13,2%	3,6%	3,4	3,3	3,3

Figur 11: Vurdering for læring. Kjelde: Hjernen&Hjertet<sup>3</sup>

## Elevdemokrati og medverknad

Indikatorene for elevdemokrati og medverknad har ingen utvikling fra førre skoleår, og vi ligg no 0,1 poeng under fylkesgjennomsnittet. I svarfordelinga i tabellen under ser vi likevel ei positiv utvikling i korleis litt fleire elevar opplever å få vere med på å velje arbeidsmåtar i faga sine, med ein auke på 0,1 frå førre skoleår:

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Får du være med på å bestemme hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?	8,9%	20,7%	36,5%	25,8%	8,0%	3,0	2,9	3,0
I hvor mange fag får du være med på å lage arbeidsplaner (ukeplan, periodeplan, årssplan) i fagene?	7,4%	10,4%	18,6%	34,2%	29,4%	2,3	2,2	2,4
I hvor mange fag får du være med på å velge mellom ulike oppgavetyper i fagene?	7,4%	21,1%	40,7%	23,3%	7,4%	3,0	2,8	3,0

<sup>3</sup> Spørsmål indikerte med stjerne inngår ikkje i indikatorskåren

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Er dere elever med på å foreslå hvordan dere skal arbeide med fagene?	11,4%	29,0%	39,1%	16,9%	3,7%	3,3	3,3	3,3
*I hvor mange fag får du være med på å velge arbeidsmåter i fagene?	8,0%	26,4%	42,4%	19,2%	3,9%	3,2	3,1	3,2
*Oppmuntrer lærerne til at elevene kan være med på å bestemme hvordan dere skal arbeide med fagene?	10,6%	28,0%	39,4%	17,7%	4,3%	3,2	3,2	3,2
	I svært stor grad	I stor grad	I noen grad	I liten grad	Ikke i det hele tatt	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylke
Legger lærerne til rette for at dere elevene kan delta i elevrådsarbeid og annet arbeid som tillitsvalgt?	24,7%	39,2%	27,9%	6,6%	1,6%	3,8	3,8	3,9
	Svært ofte eller alltid	Ofte	Av og til	Sjeldent	Aldri	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylke
Hører skolen på elevenes forslag?	11,4%	32,7%	42,6%	10,6%	2,8%	3,4	3,4	3,4
	Alltid	Ofte	Noen ganger	Sjeldent	Aldri	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Er dere elever med på å lage regler for hvordan dere skal ha det i klassen/gruppa?	20,6%	34,9%	28,1%	11,6%	4,8%	3,5	3,5	3,7

Figur 12: Elevdemokrati og medverknad. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Karriererettleiing

Karriererettleiing er nyttig for å kartlegge og slå fast i kva grad skolane våre er i stand til å leie elevane mot fagopplæring, høgare utdanning og framtidige yrkesval på ein god måte.

Undersøkinga av dette temaet er todelt. Det første spørsmålet greier ut om kva grad elevane er nøgde med utdanning- og yrkesrettleiinga på ungdomsskolen og så langt i den vidaregåande opplæringa, og vart retta til elevar på vg1. Det andre spørsmålet retta seg mot elevar på vg2 og vg3, og greier ut om i kva grad elevane opplever eit godt grunnlag for vidare val av yrke eller utdanning. Gjennomsnittet til begge spørsmåla er det same som førre skoleår (sjå neste side):

	Svært fornøyd	Fornøyd	Ganske fornøyd	Litt fornøyd	Ikke særlig fornøyd	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
*Hvor fornøyd er du med den rådgivingen du fikk om valg av utdanning og yrke på ungdomsskolen?	28,5%	34,2%	16,8%	11,5%	9,0%	3,6	3,6	3,6

	I svært stor grad	I stor grad	I noen grad	I liten grad	Ikke i det hele tatt	Gjennomsnitt	2019-20	Alle fylker
Jeg har fått et godt grunnlag for videre valg av utdanning og yrke, så langt i videregående opplæring (Trinn 12-13)	25,3%	36,8%	25,3%	8,5%	4,0%	3,7	3,7	3,7

Figur 13: Utdanning og yrkesrettleiing, ungdomsskole og vgs. Kjelde: Hjernen&Hjertet<sup>4</sup>

## Heimeskole

Som med førre skoleår vart også skoleåret 2020-2021 prega av Koronapandemien. I samband med pandemisituasjonen blei elevane spurde om korleis dei opplevde perioden med heimeskole våren 2020, perioden då Noreg var stengt ned. Under eitt ligg vi på nivå med dei andre fylka. Ein ser at elevane har opplevd perioden med heimeskole ulikt. Likevel er dei fleste elevane litt einige og heilt einige i dei fire påstandane frå undersøkingsmodulen:

	Jeg hadde hjemmeskole i hele perioden	Jeg hadde litt hjemmeskole og var av og til på skolen	Jeg var på skolen i hele denne perioden	Gjennomsnitt
Hadde du hjemmeskole eller var du på skolen mens andre elever var hjemme?	64,4%	28,7%	6,9%	1,4

	Helt uenig	Litt uenig	Verken uenig eller enig	Litt enig	Helt enig	Gjennomsnitt	Alle fylker
Jeg hadde et sted der jeg kunne sitte i fred for å gjøre skolarbeid	12,8%	7,3%	6,1%	16,0%	58,0%	4,0	4,0
Jeg hadde alltid tilgang til en datamaskin eller nettbrett når jeg jobbet med skolarbeid hjemme	13,1%	3,6%	3,0%	6,3%	74,1%	4,2	4,3
Jeg hadde ikke problemer med å følge undervisningen på grunn av dårlig internett*	9,9%	19,5%	11,4%	16,4%	42,8%	3,6	3,7
Hvis jeg trengte det, fikk jeg god hjelp til skolarbeidet av mine foreldre/foresatte	13,3%	11,5%	18,8%	20,8%	35,6%	3,5	3,5

<sup>4</sup> Spørsmål indikerte med stjerne inngår ikkje i indikatorskåren

	Mye mindre	Litt mindre	Omtrent det samme	Litt mer	Mye mer	Gjennomsnitt	Alle fylker
Likte du undervisningen og skolearbeidet mer eller mindre i perioden med hjemmeskole sammenlignet med vanlig skole?	19,8%	17,8%	22,3%	20,4%	19,8%	3,0	2,9
Lærte du mer eller mindre i perioden med hjemmeskole sammenlignet med vanlig skole?	22,2%	23,4%	29,5%	13,4%	11,5%	2,7	2,6
Brukte du mer eller mindre tid på skolearbeid i perioden med hjemmeskole sammenlignet med vanlig skole?	15,5%	21,9%	27,8%	17,7%	17,1%	3,0	3,0

Figur 14: Svarfordeling, heimeskole 2020-2021. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## 2.2.2 Læringsmiljø - HMS for elevar

Godt og trygt læringsmiljø, tett oppfølging, tilpassa opplæring, medverknad og karriererettleiing er viktige faktorar som bidreg til at elevane gjennomfører opplæringa. Det blir lagt stor vekt på arbeid med psykososialt læringsmiljø på skolane, og arbeidet blir rapportert på i årsmeldingane.

Resultata frå årsmeldingane om HMS for elevar viser at det har vore ein nedgang i talet på møter i elevråd, skolemiljøutval og skoleutvala. Det har også vore nedgang i talet på enkeltvedtak etter § 9A-7 og talet på handlingsplanar etter § 9A-4. Forklaringa på nedgangen er truleg pandemiåret, som har gjort dette skoleåret annleis også med tanke på arbeidet med læringsmiljø. Ei anna forklaring kan vere at skolane har etablert innsatsteam mot mobbing (SIM), og slik arbeider meir systematisk med det førebyggjande og det akutte arbeidet.

Årsmeldingane til skolane for skoleåret 2020-21 viser at det vart gjort 3 enkeltvedtak om det fysiske miljøet etter § 9 A-7 i opplæringslova. Det vart utarbeidd 52 aktivitetsplanar etter § 9 A-4. Skoleåret 2020-21 vart det gjennomført 168 møter i elevråda på skolane. Fleire av skolane har også hatt jamlege møter med elevrådsstyra. Det vart gjennomført 53 møter i skolemiljøutvala, og 44 møter i skoleutvala.

## 2.2.3 Undervisningsevalueringa

I 2014 vedtok Fylkestinget ei årleg evaluering av undervisinga i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Målet med denne er at lærarar og elevar skal reflektere saman over resultata, og over korleis ein skapar god læring. Undervisningsevalueringa er eit verktøy i arbeidet med kvalitetsutvikling. Resultata blir brukte i utviklingsarbeid mellom lærarar og undervisingsgrupper, og mellom lærarar og avdelingsleiarar.

## 2.2.4 Lærings- og arbeidsmiljø for lærlingar i Møre og Romsdal

Denne delen tek føre seg resultata frå lærlingundersøkinga og lærebedriftsundersøkinga. Begge vart gjennomførte i perioden 15. oktober til 20. desember 2020. Det er viktig å vere medviten at delar av undersøkingane har nye spørsmål, og at vi derfor ikkje kan samanlikne med tidlegare år anna enn på indikatornivå.

I lærlingundersøkinga har Møre og Romsdal ein svak auke i svarprosenten, frå 63,0 prosent i 2019 til 63,4 i 2020. 757 lærlingar svarte på undersøkinga, av 1 194 inviterte<sup>5</sup>. Svarprosenten ligg noko over landsgjennomsnittet på 61,6. I lærebedriftsundersøkinga har vi høgast svarprosent blant fylka, for tredje år på rad, med 78 prosent. Dette er ein auke på 4 prosent samanlikna med året før, og ligg mykje over det nasjonale snittet på 54 prosent. 673 av 865 svarte på lærebedriftsundersøkinga i 2020.

Det er rådgivarane på kompetanse- og næringsavdelinga, opplæringskontora og dei ulike lærebedriftene som har ansvaret for å følgje opp undersøkingane.


Grunna Koronapandemien vart det ikkje gjennomført samlingar for lærlingar i 2020. Som eit alternativ vart det utarbeidd eit e-læringskurs. Kurset blei sendt til 1. årslærlingar, og hadde fokus på overgangen frå elev til lærling. Samlinga for 2. årslærlingar blei erstatta med ein film om førebuing til fagprøve.

---

<sup>5</sup> Utvalet i undersøkinga er alle lærlingar som har vore i lære i meir enn 11 månadar per 1. oktober 2020

## Overblikk

Under eitt viser overblikket ei styrking frå året før med unntak av indikatoren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet, som har svekka seg med 0,1 poeng frå førre skoleår. Indikatorane for motivasjon, HMS og læreplan har ein auke på 0,2 poeng kvar. Indikatoren for fagprøve har styrka seg med 0,1 poeng, og halvårvurdering har ein auke på heile 0,4. Mobbing går ned med 1,1 prosent, og ligg no på 3,0. Vi ligg også over fylkesgjennomsnittet på fleire av indikatorane.



Figur 15: Overblikk over indikatorar i lærlingundersøkinga, gjennomsnitt. Kjelde: Hjernen&Hjertet<sup>6</sup>

<sup>6</sup> Skalaen går frå 1-5, der 5 er høgaste skår. Tilfredsstillande kvalitet er grøn og ligg på 4,0. For nokre spørsmål er gjennomsnittet for langt unna 4,0 og fargekodane er derfor tilpassa grenseverdien for spørsmåla. Resultata er samanlikna med fylka som gjennomfører undersøkingane. Grøn pil viser at skåren i Møre og Romsdal er betre enn gjennomsnitt av fylka, raud pil viser dårlegare skår, og grå pil viser til same resultat. Pil rett opp viser signifikant utvikling, pil rett ned viser signifikant nedgang, og pil rett bort viser inga utvikling.

## Opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet

Indikatoren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet er tilfredsstillande i både Lærlingundersøkinga og Lærebedriftsundersøkinga.

Spørsmåla i Lærlingundersøkinga er endra frå førre år, og ein direkte samanlikning er derfor ikkje mogleg. Vi ser likevel at vi ligg omlag på fylkesgjennomsnittet, men med rom for betring, særskild knytt til spørsmålet om kvaliteten på utstyret i skolane:

	Helt uenig	Nokså uenig	Verken enig eller uenig	Nokså enig	Helt enig	Gjennomsnitt	Alle fylker
Undervisningen i yrkesfagene på skolen ga et godt grunnlag for det jeg skulle lære i bedriften	5,0%	10,5%	24,6%	40,5%	19,4%	3,6	3,6
Utstyret vi brukte på skolen var godt nok for å lære fagene	5,3%	16,1%	21,2%	36,0%	21,4%	3,5	3,6
Lærerne mine hadde god innsikt i det jeg skulle møte i læretiden	3,3%	10,2%	20,7%	39,3%	26,5%	3,8	3,8

Figur 16: Opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

I Lærebedriftsundersøkinga ser ein ei betring på 0,1 poeng for alle påstandane. Lærebedriftene opplever i stor grad at lærlingane deira er motiverte og fagleg førebusse:

	Helt uenig	Nok så uenig	Verken enig eller uenig	Nokså enig	Helt enig	Gjennomsnitt 2019-20	Alle fylker
Årets lærlinge(er) var faglig forberedt på læretiden etter opplæringen i skole	2,7%	10,0%	17,1%	43,1%	27,0%	3,8	3,7
Årets lærlinge(er) hadde god forståelse for kravene i arbeidslivet da de begynte læretiden	2,9%	11,9%	19,8%	39,3%	26,1%	3,7	3,6
Årets lærling(er) er motivert for å lære faget	2,0%	4,1%	10,1%	33,5%	50,3%	4,3	4,2

Figur 17: Opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, Lærebedriftsundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Trivsel

Lærlingundersøkinga viser ein stor grad av trivsel hos lærlingane i Møre og Romsdal. Også under dette temaet har spørsmåla blitt endra noko, og direkte samanlikning er

derfor ikkje mogleg, men ein ser at trivselen er godt forankra på eit tilfredsstillande nivå. 87,5 prosent av lærlingane kan anbefale bedrifta si til andre som skal begynne læretida i det same fagområdet, ein lite betydeleg nedgang frå 88 prosent førre skoleår:

	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Gjennomsnitt	Alle fylker
I hvilken grad er du fornøyd med opplæringen du har fått på arbeidsplassen så langt?	2,5%	4,8%	12,7%	40,1%	39,9%	4,1	4,1
I hvilken grad trives du på arbeidsplassen?	1,5%	2,7%	8,0%	32,9%	55,0%	4,4	4,3
I hvilken grad trives du med kollegaene dine?	1,1%	1,1%	5,4%	29,5%	63,0%	4,5	4,5
I hvilken grad trives du med dine kunder/leverandører/pasienter?	0,7%	1,1%	19,4%	38,0%	40,8%	4,2	4,2
<b>Figur 18: Trivsel blant lærlingane i fylket, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&amp;Hjertet<sup>7</sup></b>							
*Kan du anbefale denne bedriften til andre som skal begynne i læretida på ditt fagområde?		Ja		Nei		Gjennomsnitt	
		87,5%		12,5%		1,1	

## Medverknad, rettleiing og eigenvurdering

Resultata i Lærlingundersøkinga er tilfredsstillande innan medverknad, rettleiing og eigenvurdering, og lærlingar blir stort sett involverte i planlegging og vurdering av arbeidet deira:

	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Gjennomsnitt	Alle fylker
I hvilken grad deltar du i planlegging av arbeidet ditt?	3,9%	8,4%	20,2%	41,8%	25,7%	3,8	3,7
I hvilken grad deltar du i vurdering av arbeidet ditt?	2,0%	6,7%	18,7%	46,9%	25,8%	3,9	3,9
I hvilken grad klarer du selv å avgjøre om du har løst en arbeidsoppgave på en faglig god måte?			12,1%	55,9%	30,4%	4,2	4,1
I hvilken grad får du tilbakemelding på arbeidet ditt, slik at du kan bli bedre i faget?	2,5%	6,3%	12,0%	47,0%	32,1%	4,0	4,0
I hvilken grad får du hjelp og støtte i arbeidet du gjør dersom du trenger det?	0,8%	3,2%	7,2%	36,4%	52,4%	4,4	4,3
I hvilken grad dokumenterer du arbeidet ditt i opplæringsbok,logg, nettside, mobil, app eller lignende?	9,7%	15,2%	21,5%	32,5%	21,1%	3,4	3,4

Figur 19: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

<sup>7</sup> Spørsmål indikerte med stjerne inngår ikkje i indikatorskåren

Resultata frå Lærebedriftsundersøkinga speglar i stor grad dei frå Lærlingundersøkinga. Vi ligg omlag på fylkesgjennomsnittet, og ser ein liten tilbakegang på spørsmålet om kva grad lærlingane får tilbakemelding på gjennomførte arbeidsoppgåver:

	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Gjennomsnitt 2019-20	Alle fylker
I hvilken grad deltar lærlingen i planleggingen av eget arbeid?	0,9%	8,2%	12,7%	65,1%	13,0%	3,8	3,8
I hvilken grad deltar lærlingen i vurderingen av eget arbeid?			14,7%	65,0%	17,2%	4,0	4,0
I hvilken grad er lærlingen kjent med hva som blir vektlagt når dere vurderer utført arbeid?			11,1%	63,3%	23,7%	4,1	4,1
I hvilken grad får lærlingen tilbakemelding på gjennomførte arbeidsoppgaver?			5,8%	60,8%	32,4%	4,2	4,3

Figur 20: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærebedriftsundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Halvårsvurdering

Indikatoren for halvårsvurdering har ein auke på heile 0,4 poeng frå førre skoleår. Dette er ei kraftig betring etter eit resultat frå førre Lærlingundersøking som var dårlegare enn venta med 4,0 poeng. Resultatet er no tilfredsstillande, og vi ligg over eller på nivå med fylkesgjennomsnittet på alle spørsmåla:

	Passer svært dårlig	Passer nokså dårlig	Passer verken godt eller dårlig	Passer nokså godt	Passer svært godt	Gjennomsnitt	Alle fylker
Hvor godt passer disse utsagnene for de planlagte samtalene? Vi snakker om hvordan jeg trives			5,9%	30,6%	62,2%	4,5	4,4
Hvor godt passer disse utsagnene for de planlagte samtalene? Vi snakker om min faglige prestasjon			6,7%	33,9%	58,5%	4,5	4,4
Hvor godt passer disse utsagnene for de planlagte samtalene? Vi snakker om hva jeg skal gjøre for å bli bedre i faget	0,8%	2,5%	10,3%	34,2%	52,3%	4,3	4,3
Hvor godt passer disse utsagnene for de planlagte samtalene? Vi planlegger hvilke arbeidsoppgaver jeg skal arbeide med til neste samtale	1,3%	4,2%	16,0%	36,0%	42,5%	4,1	4,1

Figur 21: Halvårsvurdering, innhold, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Likevel ser vi at ikkje alle har halvårvurderingar, og at fleire av dei som har halvårvurderingar ikkje får samtalane oppsummerte skriftleg:

	Ja	Ja, men ikke hvert halvår	Nei	Gjennomsnitt	Alle fylker
*Bedriften skal minst en gang hvert halvår ha en planlagt samtale med lærlingen om faglig utvikling. Dette kalles ofte halvårvurdering. Har du hatt planlagte samtalene med en i bedriften eller opplæringskontoret minst en gang hvert halvår, hvor dere går igjennom hva du har lært og hva du skal lære framover?	70,2%	21,1%	8,7%	1,4	1,4
	Ja	Ja, men ikke hver gang	Nei	Gjennomsnitt	Alle fylker
*Fikk du en skriftlig oppsummering fra samtalene?	66,3%	9,2%	24,5%	1,6	1,7

Figur 22: Halvårvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet<sup>8</sup>

---

<sup>8</sup> Spørsmål indikerte med stjerne inngår ikkje i indikatorskåren

## 3 Læringsresultat

### 3.1 Lokale mål

Dei lokale måla for læringsresultat er vedteke i *Fylkesstrategi for kvalitet* (2020-2024 s. 8), som viser vidare til opplæringslova og det nye læreplanverket (Kunnskapsløftet 2020):


Læringsresultat er knytt til overordna mål i planverket. I samsvar med opplæringslov og læreplanverk omfattar læringsresultat det heilskaplege læringsutbyttet. Læringsutbytte handlar om kva den enkelte har lært og kan utføre etter å ha gjennomført opplæringa. I læringsutbytte inngår blant anna verdiar, haldningar, ferdigheter og kompetansen og kunnskapen elevane og lærlingane tileignar seg gjennom opplæringa. I opplæringslova og læreplanverket blir kjenneteikn for læringsutbyttet konkretisert ytterlegare.

Læringsresultat har også eit klar samanfall med måla for gjennomføring (sjå kap. 4) om at:

- ... 90 prosent av elevane skal ha fullført og bestått skoleåret, og minst 96 prosent av lærlingane skal ha greidd fag-/sveineprøva
- ... mindre enn 3 prosent av elevane slutte i løpet av skoleåret.


### 3.2 Vurderinga til skoleeigar

91,3 prosent av elevane i Møre og Romsdal fullførte og bestod skoleåret 2020-2021, trass utfordringar med Koronapandemien. Resultatet er det høgaste blant fylka, ligg 3,9 prosent over landsgjennomsnittet, og svarar på målet frå fylkesstrategien om at minst 90 prosent av elevane skal ha fullført og bestått skoleåret. Resultatet er ei tangering av rekordresultatet frå skoleåret 2019-2020.



Figur 23: Resultat fullført og bestått skoleåret 2020-2021, samanlikning med andre fylke, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Vi ser at utviklinga har vore jamt positiv over tid. Dette er teikn på godt og systematisert arbeid på skolane, og det er ingen tvil om at skolane arbeider godt med å tilpasse opplæringa slik at ein veldig stor del av elevane meistrar faga sine. Dette er viktige bevaringspunkt, og Møre og Romsdal fylkeskommune må arbeide for å halde ved like det gode arbeidet i skolane:



Figur 24: Fullført og bestått, resultat over tid, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Karaktersnittet ligg samla sett stabilt, med 4,21 poeng for skoleåret 2020-2021. Vi kan vise til ein liten men jamn auke dei siste åra, og ligg omlag på gjennomsnittet for fylka. Det er som vanleg svingingar i karaktersnittet mellom utdanningsprogram, men få store utslag. Kjønnsforskjellane ligg også stabilt, men med små utjamnande endringar. Vi ser at kjønnsfordelinga mellom utdanningsprogram og karaktersnitt følgjer dei same trekka som ved skoleåret før, men med ei lita utjamning i tala for fullført og bestått, der gutane aukar litt og jentene ein tilsvarande nedgang.

Fråværet har vore rekordlågt skoleåret 2019-2020, og er nede på 2,5 prosent. Møre og Romsdal har det lågaste fråværet blant fylka. Det er samstundes viktig å sjå den positive utviklinga i lys av koronapandemien, og dei midlertidige reglane for fråvær.


Dei midlertidige reglane fritok helserelatert fråvær frå kravet om legeattest, unngjekk fråværsgrensa og forhindra helserelatert fråvær frå å bli ført som fråvær på vitnemål og kompetansebevis. Slik kunne elevar med luftvegssymptom halde seg heime under koronapandemien, utan å frykte dei store negative konsekvensane. Det vil sannsynlegvis oppstå ein auke av fråvær skoleåret 2021-2022, då dei midlertidige reglane for fråvær vart oppheva den 11. oktober 2021.

Det er interessant at tala for elevar med ikkje-vurdert (IV) er stabile, trass eit mykje lågare fråvær dei siste åra. Dette tyder på at mange av elevane som tidlegare ville fått IV grunna fråværsgrensa har fått IV som følgje av manglande vurderingsgrunnlag i staden for. Dette er ein tendens både i Møre og Romsdal og nasjonalt.

2,4 prosent av elevane slutta skoleåret 2020-2021. Dette er ein svak svekking på 0,1 prosent frå førre skoleår, men talet er framleis godt innanfor målsettinga på under 3,0 prosent, og har betre resultat enn snittet for fylka. Fordelingane av dei som sluttar speglar i stor grad tidlegare mønster, men vi ser teikn til utjamning mellom kjønna også blant elevar som sluttar, der gutane betrar seg i større grad enn jentene.

### 3.2.1 Flest fullfører og består på idrettsfag


Idrettsfag, studiespesialisering og elektrofag er utdanningsprogramma med den høgaste delen fullført og bestått. Samanlikna førre skoleår ser vi at design og handverk og naturbruk har auka mest, med 4,9 prosent. Påbygg vg3 har gått mest tilbake, ned 10 prosent frå førre skoleår (sjå neste side):



Figur 25: Fullført og bestått, fordelt på utdanningsprogram, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### 3.2.2 Flest fullførte og bestod på studieførebuande utdanningsprogram


Som ved førre skoleår er det dei studieførebuande utdanningsprogramma som har høgast grad av fullført og bestått. Vi ser også ein til dels stor tilbakegang innan påbygg til generell studiekompetanse, men her må ein sjå resultatet i samanheng det usedvanleg gode resultatet frå skoleåret 2019-2020 på heile 88,3 prosent:



Figur 26: Fullført og bestått, fordelt på program, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### 3.2.3 Litt fleire jenter enn gutter fullfører og består

Litt fleire jenter enn gutter fullførte og bestod skoleåret 2020-2021, men differansen mellom kjønna er berre litt over 1 prosent. Gutane har auka litt, og jentene har ein tilsvarende nedgang. Vi ligg godt over fylkesgjennomsnittet for både gutter og jenter:



Figur 27: Fullført og bestått, kjønnsfordeling, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Fordelt på utdanningsretning ser vi at litt fleire gutter enn jenter fullfører og består yrkesfaglege utdanningsprogram og påbygg til generell studiekompetanse, mens det omvendte gjer seg gjeldande på dei studieførebuande utdanningsprogramma:

	Studieforberedende utdanningsprogram	Påbygging til generell studiekompetanse	Yrkesfaglige utdanningsprogram	Total
Gutter	93,2	82,0	89,6	90,7
Jenter	95,2	81,2	88,5	92,0
Total	94,4	81,6	89,2	91,3

Figur 28: Fullført og bestått, fordelt på kjønn og utdanningsretning, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### 3.2.4 Fullført og bestått fordelt på skolar og trinn

Fordelt på skolar og trinn ser ein at skolane i fylket yt god opplæring, og at elevar flest meistrar og består faga sine.


Når ein les tala må ein vite at tala til skolar med mange elevar med utvida rett til vidaregåande opplæring ikkje viser eit korrekt bilet av resultata. Årsaka til dette er at elevane har fag dei skal fullføre og bestå over fleire år enn vanleg. Vi veit også at overgangar mellom trinn kan vere utfordrande for elevar. Spesielt overgangen frå vg2 yrkesfag til påbygging til generell studiekompetanse har vist seg som utfordrande, både når det gjeld arbeidsmengd og arbeidsmetodar. Karaktergrunnlaget ved inntak til påbygging varierer også, som kan verke inn på gjennomføringa på vg3 og vg4 frå skole til skole:

	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Atlanten videregående skole	95,7	93,5	97,1		95,5
Borgund videregåande skole	85,7	83,2	87,0	100,0	85,3
Fagerlia - Ålesund vgs, avd Fagerlia	91,5	94,6	90,3	91,3	92,3
Fagerlia - Ålesund vgs, avd Ålesund	95,4	90,5	89,2	100,0	92,0
Fannefjord videregående skole	18,8		5,9	26,7	16,7
Gjermundnes videregåande skule	90,9	85,7	73,7	100,0	86,6
Haram videregåande skule	93,0	97,1	88,9	92,0	93,8
Herøy videregående skule	90,4	91,2	80,0	100,0	90,2
Hustadvika videregående skole	85,4	94,1	80,4	87,0	87,9
Kristiansund videregående skole	89,1	91,6	82,6	100,0	89,7
Molde videregående skole	97,7	94,5	94,2	90,9	95,3
Rauma videregående skole	81,6	95,1	78,3	100,0	84,1
Romsdal videregående skole	93,0	91,0	92,4	100,0	92,2
Spjelkavik videregående skole	96,4	94,7	98,0		96,3
Stranda videregåande skule	95,3	98,0	84,4		92,8
Sunndal videregåande skole	94,6	95,7	96,0	100,0	95,3
Surnadal videregåande skule	88,2	92,9	91,9	33,3	90,0
Sykylven videregåande skule	95,8	90,4	90,2	100,0	93,0
Tingvoll videregåande skole	92,3	93,5	97,0		94,2
Ulstein videregåande skule	95,8	95,5	86,6	94,7	93,2
Volda videregåande skule	94,8	95,4	86,2	75,0	91,6
Ørsta videregåande skule	91,0	91,5	91,7		91,3
Total	91,7	92,3	89,4	90,3	91,3

Figur 29: Fullført og bestått, fordelt på skolar, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### 3.2.5 Karaktersnittet har gått litt opp dei siste åra

Tala viser oss at karaktersnittet totalt sett ligg på eit stabilt nivå, med ein liten auke dei siste åra. Møre og Romsdal fylkeskommune ligg litt over fylkesgjennomsnittet:



Figur 30: Karaktersnitt, totalt. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### **Karaktersnittet er høgast for jenter på studieførebuande utdanningsprogram**


Ser vi på karaktersnittet til elevane fordelt på kjønn og utdanningsretning finn vi same tendens som ved førre skoleår: Det er jentene på studieførebuande utdanningsprogram som har det høgaste karaktersnittet. Elles er fordelinga i linje med fjaråret, med berre små justeringar mellom utdanningsretningane:

	<b>Studieforberedende utdanningsprogram</b>	<b>Påbygging til generell studiekompetanse</b>	<b>Yrkesfaglige utdanningsprogram</b>	<b>Total</b>
Gutter	4,22	3,77	3,93	4,04
Jenter	4,51	4,03	4,21	4,38
<b>Total</b>	<b>4,39</b>	<b>3,92</b>	<b>4,03</b>	<b>4,21</b>

*Figur 31: Karaktersnitt fordelt på kjønn og utdanningsretning. Kjelde: Hjernen&Hjertet*

### **Studiespesialisering har høgast karaktersnitt**


Det vil alltid vere svingingar og variasjonar mellom studieprogram. Samla sett er dei fleste endringane likevel små, og uttrykk for eit jamt og stabilt nivå. Det er det studiespesialisering som har høgast resultat, med 4,43 poeng. Handverk, design- og produktutvikling har det lågaste karaktersnittet, med 3,11 poeng. Handverk, design- og produktutvikling har også den største nedgangen, ned 0,74 poeng frå førre skoleår. Service og samferdsel har størst auking frå skoleåret 2019-2020, og styrkar seg med 0,23 poeng (sjå neste side):



Figur 32: Karakterensnitt fordelt på utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### 3.2.6 Karakterar frå grunnskolen har betydning


Vi veit at det betyr noko kva karakterar elevane har med seg frå grunnskolen. Som forventa ser vi at også grunnskolekarakterane har betra seg dei siste åra:



Figur 33: Karakterpoengsum frå grunnskolen. Kjelde: Hjernen&Hjertet


### 3.2.7 Rekordlågt fråvær

Fråværet går ned for andre år på rad, og ligg på 2,5 prosent skoleåret 2020-2021. Den positive trenden gjeld også dei andre fylka, og er knytt til dei midlertidige reglane for fråvær under Koronapandemien:



Figur 34: Totalfråvær over tid i Møre og Romsdal, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Trass ei liknande utvikling i dei andre fylka, var det Møre og Romsdal som hadde lågast fråvær skoleåret 2020-2021:




Figur 35: Totalfråvær samanlikna med dei andre fylka. Kjelde: Hjernen&Hjertet

### Litt færre elevar vart ståande utan vurderingsgrunnlag i fag

I dei nasjonale tala vart færre elevar ståande utan vurderingsgrunnlag i fag enn tidlegare skoleår, med ei lita betring frå 3,0 prosent skoleåret 2019-2020 til 2,9 skoleåret 2020-2021. Av desse skjer nedgangen hos elevar som fekk IV i berre eitt fag, med ein betring frå 1,3 til 1,2 prosent.

Fråvær kan føre til at elevar ikkje får vurdering i fag (IV), men ein skal legge merke til at dei midlertidige reglane for fråvær har ført til at del av elevar som får IV grunna fråværsgrensa har gått ned. Trass dette held tala på dei utan vurderingsgrunnlag seg ganske stabile. Sagt på ein anna måte tyder mykje på at dei som tidlegare ville fått IV på grunn av fråværsgrensa no får IV som følgje av manglande vurderingsgrunnlag.

Figuren på neste side viser den nasjonale utviklinga til dei med IV i fag over tid.



Figur 36: Ikkje vurdering i fag (IV), nasjonal utvikling over tid, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

I Møre og Romsdal har vi ein auke på 0,4 prosent frå 1,7 til 2,1. Vi ligg no på same nivå som skoleåra 2018-2019 og 2019-2020. 2,1 prosent IV svarar til 178 elevar skoleåret 2020-2021. Av desse er det 76 elevar som har IV i berre eitt fag. 81 av elevane er frå studieførebuande utdanningsprogram og 97 av dei frå yrkesfaga. 101 av elevane er gutter, mens 77 av dei er jenter, og kjønnsforskjellen er betrakteleg.


Til samanlikning er det berre Innlandet som har betre tal å vise til, med 1,9 prosent. Troms og Finnmark har dei høgaste tala, med 4,2 prosent.

### 3.2.8 Elevar som slutta i løpet av skoleåret 2020-2021

#### Få elevar sluttar i Møre og Romsdal

2,4 prosent av elevane slutta i løpet av skoleåret 2020-2021. Talet er ein auke på 0,1 prosent frå same periode skoleåret 2019-2020, og svarar til 212 elevar. Talet er ein del betre enn det nasjonale snittet på 3,0 prosent.

Fordelt på fylke og trinn ser tal for elevar som sluttar slik ut, men i denne figuren er også dei private skolane inkluderte:



Figur 37: Elevar som slutta 2020-2021, fordelt på fylke og trinn, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

23 prosent av elevane som sluttar, gjer det i oktober månad. Ein ser elles at ein stor del sluttar på hausten, 44 prosent fordelt på oktober, november og desember månad. 23 prosent sluttar på nyåret fordelt på januar og februar. Totalt 55 prosent sluttar i løpet av siste skolehalvår mellom januar og juni.

### Flest gutter slutta skoleåret 2020-2021

Det er framleis ei overvekt av gutter blant elevane som sluttar i Møre og Romsdal, men vi ser teikn til utjamning der gutane har ein større betring enn jentene skoleåret 2020-2021, ned 0,6 prosent:



Figur 38: Elevar som sluttar fordelt på kjønn, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Færrest elevar sluttar på idrettsfag


Dei fleste elevane som sluttar høyrer til yrkesfaga, men samanlikna med dei andre fylka har Møre og Romsdal har færre elevar som sluttar innan begge utdanningsretninga. Fordelt på utdanningsprogram syner tala seg slik:



Figur 39: Elevar som sluttar fordele på utdanningsprogram, prosent av samla elevtal. Kjelde: Hjernen&Hjertet

## Dei fleste som sluttar har fått permisjon

Fordelinga mellom sluttårsaker viser at dei fleste av dei som slutta tok permisjon. Elevar som tek permisjon er sikra plass ved inntaket etter permisjonen.



Figur 40: Elevar som slutta fordele på årsak, prosent. Skoleåret 2020-2021. Kjelde: Hjernen&Hjertet


### 3.2.9 Aktivitet hos elevar som har slutta - ungdom i oppfølgingstenesta

Ungdommane som vel å slutte den vidaregåande opplæringa vart overførte til Oppfølgingstenesta (OT). Det er dei med ungdomsrett, og som er mellom 16 og 21 år, som har rett på oppfølging. Det er gode rutinar for avklaring og oppfølging på skolane i overgangen mellom opplæringslutt til oppfølging.

Oppfølgingstenesta skal etablere kontakt med alle ungdommar i målgruppa som avbryt opplæringa, med sikte på rettleiing, oppfølging og ny aktivitet. Målet er at ingen ungdommar i målgruppa skal vere ukjende for OT.

I juni 2021 hadde Møre og Romsdal 31 ungdommar i ukjent aktivitet. Til samanlikning var det 37 ungdommar i ukjent aktivitet på same tid i fjor. Figuren under viser korleis ungdommane er fordelte mellom ulike aktivitetskategoriar, og vi ser at 40 prosent av utvalet frå skoleåret 2020-2021 er i aktivitet.

Eksempel på aktivitet er: opplæring, arbeid eller arbeidspraksis i regi av fylkeskommunen eller NAV.



Figur 41: Ungdom i oppfølgingstenesta på ulike aktivitetar fordelt på fylke per juni 2021, prosent. Kjelde: Utbildningsdirektoratet

## 4 Gjennomføring

### 4.1 Lokale mål

Desse er måla for gjennomføring, som vedteke i [\*Fylkesstrategi for kvalitet \(2020-2024, s.10\)\*](#):

- Hovudmålsettinga er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring, med studiekompetanse etter fem års opplæring eller yrkeskompetanse etter seks års opplæring, skal aukast til åtte av ti ved utgangen av 2024. Nasjonal målsetting fram mot 2030 er at ni av ti elevar som begynner på vidaregåande skal fullføre og bestå opplæringa.
- Arbeid med overgangar skal føre til auka gjennomføring ved å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar for overgangar frå ungdomsskole til vidaregåande skole, frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift og til høgare utdanning. Arbeid med elevar med særskilt sårbarheit, karriererettleiing og formidlingsarbeid skal stå særleg i fokus. Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv skal det arbeidast for å skape fleire opplærings- og læreplassar.
- For kvart årstrinn skal minst 90 prosent av elevane ha fullført og bestått skoleåret, og minst 96 prosent av lærlingane skal ha greidd fag-/sveineprøva.
- For kvart skoleår skal mindre enn 3 prosent av elevane slutte i løpet av skoleåret, og i læretida skal mindre enn 3 prosent av lærlingane heve kontrakten sin.
- 90 prosent av søkerane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på vg1.
- 80 prosent av elevane frå vg2-yrkesfag som primært søker lærekontrakt, skal få ønsket oppfylt.

### 4.2 Vurderinga til skoleeigar

**Gjennomføringa i vidaregåande opplæring held fram med ei jamn og positiv utvikling i Møre og Romsdal fylkeskommune.** Endringane i gjennomføring er samla sett positive, og utan store svingingar frå førre skoleår. Gjennomføringstalet etter fem/seks år i vidaregåande opplæring ligg no på 80,5 prosent, opp 1,4 prosent frå førre skoleår og 1,0 prosent over det nasjonale snittet. Resultata er i linje med målet frå fylkesstrategien om at åtte av ti skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring innan 2024, og vi er på rett veg mot det nasjonale målet at ni av ti skal fullføre og bestå innan 2030.

***Det er fleire endringar i gjennomføringstala for dei med læretid i bedrift.*** Vi ser at fordelinga av elevar mellom studieførebuande utdanningsprogram og yrkesfaglege utdanningsprogram utviklar seg i favør yrkesfag. At fleire elevar vel yrkesfag har vore ein tendens over tid, og delen av elevar som vel yrkesfag har auka tre år på rad i Møre og Romsdal. Dette er ei positiv utvikling, då vi veit at næringslivet har stadig større behov for ny og ung kompetanse.


At fleire av elevane vel yrkesfag heng saman med korleis talet på lærekontraktar held fram med å auke. Vi er det einaste fylke som kan vise til ei jamn auking i talet på nye lærekontraktar dei siste åra. Samanlikna med skoleåret 2019-2020 har 6,4 prosent færre søkerar teikna lærekontrakt, men dette er ei endring vi må sjå i lys av ein auke i tal på søkerar til lærekontrakt dei siste åra, uro i arbeidsmarknaden og ei generelt aukande mangel på tilgjengelege læreplassar i bedriftene. Vi ser at det er utfordrande å finne læreplassar nok til eit stadig aukande tal søkerar, men ein skal også hugse på at vi med 79,3 prosent ligg godt over fylkesgjennomsnittet på 76 prosent, utfordring til trass.

Koronapandemien har hatt store lokale utslag på arbeidsmarknaden, og derfor også for opplæringa i bedrifter. I 2020 var det stans i fagprøver i en lengre periode på grunn av pandemien. Når det blei opna for fagprøver igjen var det med unntaksreglar for gjennomføring frå Utdanningsdirektoratet, som førte til at fleire lærlingar fekk ta fagprøva tidlegare enn normalt. Lærlingar som hadde vore permitterte i kortare periodar fekk gjennomføre fagprøvar trass noko manglande opplæring. Andre lærlingar fekk stansa lærekontraktane deira midlertidig, og læretida forlenga, mange av fagprøvane som skulle blitt haldne i 2020 vart i staden haldne i 2021.

Det er derfor inga overrasking at talet for greidde fag- og sveineprøver har gått noko ned frå førre skoleår, og dette er ein nedgang vi har til felles med alle dei andre fylka i landet. Vi ligg framleis over fylkesgjennomsnittet, og 94,2 prosent av prøvekandidatane greidde prøvane sine også i skoleåret 2020-2021.

#### 4.2.1 Gjennomføring i løpet av fem/seks år<sup>9</sup>

80,5 prosent av dei som begynte på vg1 i 2014 fullførte med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år. Ein ser at gjennomføringa i Møre og Romsdal har auka med 1,4 prosentpoeng samanlikna med 2013-kullet. Vi ligg 1,0 prosentpoeng over landsgjennomsnittet. Den nasjonale målsettinga er at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring i 2030 (jf. [Meld. St. 21](#)).




Figur 42: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, 2014-kullet. Kjelde: SSB

<sup>9</sup> Gjennomføring blir målt etter fem/seks år. Studieførebuande utdanningsprogram blir målt etter fem år, og yrkesfaglege utdanningsprogram blir målt etter seks år.

## 4.2.2 Gjennomføring i løpet av fem/seks år, inkludert planlagt grunnkompetanse

Ein kan også velje å inkludere elevar i vidaregåande opplæring som gjennomfører med planlagt grunnkompetanse. Dette er elevar som innan fem/seks år ikkje har fullført med studie- eller yrkeskompetanse, men som har gjennomført med grunnkompetanse. Medrekna elevar som gjennomfører med grunnkompetanse er tala slik:




Figur 43: Gjennomføring i løpet av fem/seks år inkludert planlagt grunnkompetanse, prosent, 2014-kullet.  
Kjelde: SSB

#### 4.2.3 Gjennomføring fordelt på utdanningsprogram

Det er store forskjellar i gjennomføringstala mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Både i Møre og Romsdal og på landsbasis er gjennomføringa høgast på studieførebuande utdanningsprogram.

##### Gjennomføringa har auka på studieførebuande utdanningsprogram

Gjennomføringa på studieførebuande utdanningsprogram for 2014-kullet i Møre og Romsdal er på 91,9 prosent. Dette er ein auke på 1,3 prosentpoeng samanlikna med 2013-kullet. Til samanlikning er det berre Sogn og Fjordane som har høgare gjennomføringstal på dei studieførebuande programma, med 92,7 prosent. Det nasjonale snittet er 89,1 prosent.




Figur 44: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, studieførebuande utdanningsprogram, 2014-kullet. Kjelde: SSB

## Gjennomføringa har gått litt opp på yrkesfaglege utdanningsprogram

Gjennomføringa på yrkesfaglege utdanningsprogram er på 69,9 prosent for 2014-kullet.

Vi ligg noko over landsgjennomsnittet på 68,3 prosent, og har ein liten auke frå 2013-kullet på 0,8 prosentpoeng.




Figur 45: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, yrkesfaglege utdanningsprogram, 2014-kullet.

Kjelde: SSB

## Gjennomføringa er høgast på idrettsfag og studiespesialisering

Det er store forskjellar i gjennomføringa mellom utdanningsprogramma. I Møre og Romsdal er gjennomføringa høgast på idrettsfag med 94,1 prosent. På landsbasis har studiespesialisering høgast gjennomføring med 89,3 prosent, men idrettsfag ligg tett på med 89,2. I yrkesfaga er gjennomføringa høgast på elektrofag med 85,5 prosent i Møre og Romsdal og 77,4 på landsbasis. Gjennomføringa er lågast på restaurant- og matfag, med 47,4 prosent i Møre og Romsdal og 48,9 prosent på landsbasis (sjå neste side).



Figur 46: Gjennomføring i Møre og Romsdal i løpet av fem/seks år etter utdanningsprogram, prosent, 2014-kullet. Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)




Figur 47: Gjennomføring på landsbasis i løpet av fem/seks år fordelt etter utdanningsprogram, prosent, 2014-kullet. Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

#### 4.2.4 Over 3 prosent av 2014-kullet er framleis i opplæring

Ein del av dei som ikkje fullførar vidaregåande opplæring innan normert til, fullfører på eit seinare tidspunkt. Årsaker kan vere midlertidige avbrot i opplæringa, omval, ikkje-beståtte fag, eller ikkje bestått eller ikkje gjennomført fag-/sveineprøve.

I 2014-kullet er 3,3 prosent framleis i opplæring etter fem/seks år. Samanlikna med 2013-kullet er dette ein minsking på 0,1 prosentpoeng. Møre og Romsdal ligg no 0,2 prosentpoeng over landsgjennomsnittet, som er på 3,1 prosent.



Figur 48: Framleis i vidaregående opplæring etter fem/seks år, utan å ha fullført, prosent, 2014-kullet.  
Kjelde: SSB

#### 4.2.5 Gjennomføring i yrkesfaga


Ein ser større svingingar i gjennomføringsresultata for yrkesfag enn for elevar i vidaregåande skole. Det er fleire grunnar til dette, og alle er viktige å ha med seg i lesinga av resultata.

Formidlingsarbeidet i yrkesfaga er kontinuerleg, og tala kan endre seg frå dag til dag. Utarbeiding av lærekontraktar kan ta tid i enkelte tilfelle, og nye kontraktar vart teikna eller heva i løpet av og på tvers av skoleår. Rapporteringa på yrkesfaga og dei med læretid i bedrift er derfor augeblinksbilete, og tala må ikkje reknast som komplette.

Ein anna faktor er at Koronapandemien har ramma næringslivet og lærebedrifter i større grad enn skolen elles. Det har vore stor uro i arbeidsmarknaden, fleire permitteringar og ei rekke midlertidige endringar i rammeverket for gjennomføring av fag- og sveineprøvar.

#### Over halvparten av elevar og lærlingar hører til yrkesfaga


54,2 prosent av alle i vidaregåande opplæring skoleåret 2020-2021 var elevar og lærlingar i yrkesfaga. Det har skjedd ein auke på 1,2 prosentpoeng samanlikna med skoleåret 2019-2020, og Møre og Romsdal ligg godt over landsgjennomsnittet på 49,9 prosent.



Figur 49: Del av alle i vidaregåande opplæring som er elevar og lærlingar i yrkesfaga, prosent, for 2018 (blå), 2019 (rød) og 2020 (grå). Kjelde: SSB

## 94,2 prosent har greidd fag- og sveineprøver

94,2 prosent har greidd fag- og sveineprøver i Møre og Romsdal i 2020. Møre og Romsdal ligg noko over landsgjennomsnittet på 92,3 prosent, men vi går ned 1,7 prosentpoeng samanlikna med 2019.



Figur 50: Del greidde fag- og sveineprøver, prosent. Kjelde: SSB

## Heva lærekontraktar

130 av 2 565 lærekontraktar vart heva i 2020. Dette utgjer 5 prosent av lærekontraktane.

I 2019 vart 154 av 2 458 lærekontraktar heva, altså 5,5 prosent av lærekontraktane.

I prosent vart det heva flest lærekontraktar innanfor programområdet design og handverk, og færrast innanfor elektrofag (sjå neste side).

### Tal på heva lærekontraktar

	<b>2020</b>	<b>Prosent</b>
Bygg- og anleggsteknikk	24	6,5
Design og handverk	13	15
Elektrofag	13	2,8
Helse- og oppvekstfag	16	4,5
Naturbruk	5	3
Restaurant - og matfag	13	13,4
Service og samferdsel	13	5,9
Teknikk og industriell produksjon	33	4
Total	130	

Figur 51: Tal og prosent på heva lærekontraktar i 2020. Kjelde: Qlik Sense

Dei fleste lærekontraktane er heva som følgje av: annan årsak, ikkje oppgitt eller av personlege årsaker. Berre 21 hevingar er grunna feilval:


### Tal og årsak til heva lærekontraktar

	<b>2020</b>
Annan årsak/ikkje oppgitt (AF)	42
Fått arbeid (AR)	2
Flytta (FL)	15
Feilval (FV)	21
Økonomiske årsaker (OK)	2
Personlege årsaker (PS)	44
Covid-19	4
Total	130

Figur 52: Tal og årsak til heva lærekontraktar i 2020. Kjelde: Qlik Sense

## Omlag halvparten av elevane går over i lære etter vg2


Tala viser søkerar frå vg2 som er i lære året etter, og ligg på 50,8 prosent i 2020. Dette er ein auke på 1,4 prosent frå 2019. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet på 46,9 prosent, men betrakteleg bak Rogaland på 56,9 prosent.



*Figur 53: Del elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram vg2, som er i lære i året etter, prosent. Kjelde: SSB*

## Status overgangar frå vg2 yrkesfag 2021

Elevane som ikkje går over i lære etter vg2 kan enten ha alternativ vg3 fagopplæring i skole, framleis være i opplæring på vg3 yrkesfag, ta påbygging til generell studiekompetanse, omval eller avslutte opplæringa etter vg2. Per september 2021 er fordelinga slik:




Figur 54: Fordeling per september 2021, overgang frå vg2 yrkesfag. Kjelde: Qlik Sense

Kategorien «andre» er i stor grad søkerar som framleis ventar på lærekontrakt, og ein vil over tid sjå ein overgang frå «andre» til blant anna «fått lærekontrakt» ettersom fleire av desse vil teikne lærekontraktar etter kvart. Formidlingsarbeidet er kontinuerleg, og desse tala blir oppdaterte regelmessig.

## Talet på nye lærekontraktar har auka dei siste åra

Tala viser kor mange lærlingar som har sitt første år som lærling. Møre og Romsdal held fram med ei positiv utvikling med 1307 nye lærekontraktar i 2020, opp frå 1259 i 2019. Dette er ein auke på 48 lærekontraktar. Vi er det einaste fylket som har hatt ein auke i nye lærekontraktar alle dei siste tre åra, og kan vise til ei jamn og positiv utvikling over tid.



Figur 55: Nye lærekontraktar fordelt på fylke. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

## **6,4 prosent færre søkerar fekk lærekontrakt i 2020**

79,3 prosent av søkerane i Møre og Romsdal fekk godkjende lærekontraktar per 31.12.2020. Landsgjennomsnittet er 76 prosent.

Det er viktig å sjå desse tala i samanheng med ein auke av nye lærekontraktar dei siste åra, uro i arbeidsmarknaden og ei generell aukande mangel på tilgjengelege læreplassar i bedriftene.


	Lærekontrakt	Opplæringskontrakt	Fagopplæring i skole
Rogaland	81,5 %	2,0 %	4,2 %
Oslo	79,0 %	3,1 %	5,3 %
Troms og Finnmark	81,5 %	1,6 %	1,0 %
Agder	69,2 %	3,1 %	11,6 %
Nordland	78,8 %	3,1 %	1,6 %
Møre og Romsdal	79,3 %	3,1 %	1,1 %
Trøndelag	76,9 %	3,4 %	2,7 %
Viken	70,1 %	4,8 %	8,0 %
Innlandet	74,9 %	3,1 %	4,6 %
Vestland	77,2 %	2,2 %	2,2 %
Vestfold og Telemark	72,4 %	4,0 %	2,5 %

*Figur 56: Søkarar som har fått kontrakt i 2020, etter fylke og kontraktstype, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet*

[Les meir om statistikken på udir.no](#)

## Sysselsetting av nyutdanna fagarbeidrarar

Møre og Romsdal har færrast fagarbeidrarar i arbeid første året etter greidd fag- eller sveinebrev med 74,6 prosent. Samtidig har vi flest fagarbeidrarar i utdanning, med 20,2 prosent, og berre 5,2 prosent står utanfor både arbeid og utdanning. I tala frå 2018-2019 var 75,1 prosent i arbeid, 19,7 prosent i utdanning og 5,3 prosent utanfor både arbeid og utdanning. Utviklinga er stabil.



Figur 57: Sysselsettingsstatus for fagutdanna første år etter greidd fag- eller sveinebrev, 2019+2020.  
Kjelde: Utdanningsdirektoratet

[Les meir om statistikken på udir.no](#)

## **Tiltak for å få fleire i lære**

Møre og Romsdal har tre formidlingsrådgivarar som skal hjelpe skolane i arbeidet med å formidle elevar til lære plass, og bidra til å lette overgangen frå skole til lærebedrift. Vi har ein formidlingsrekneskap som eit hjelphemiddel til skolane i denne samanhengen. Rekneskapen synleggjer statusen til formidlinga til lære plass gjennom skoleåret.

Formidling av lære plassar blir avslutta 1. november, og vi vil derfor sjå nokre justeringar av tala som er viste i Kvalitetsmeldinga.

Søkarar mellom 16 og 21 år med ungdomsrett, som ikkje har fått lære plass, blir overførte til Oppfølgingstenesta (OT) når formidlinga er over. OT vil, mellom anna i samarbeid med NAV, prøve å gi søkerane praksisplass. Praksisplassar gjer det enklare for dei å få lære plass på eit seinare tidspunkt. Nokon treng meir tid enn andre, og praksis i bedrift kan bidra til å gjere ungdommane meir førebudde på læretid.

For å sette søkerlys på lærlingordninga, deler Møre og Romsdal fylkeskommune ut prisen «Årets lærling». I tillegg har Møre og Romsdal fylkeskommune kampanjen «Tenk framtid - bli lærebedrift», der målet er å skaffe fleire lærebedrifter. I 2020 blei det også delt ut pris til «Årets lærebedrift». Tiltaka bidreg til at stadig fleire bedrifter ser verdien av å ha lærlingar.

I tillegg til dei lokale tiltaka som skal styrke varige samarbeidsarenaer mellom skole og arbeidsliv i Møre og Romsdal, er nasjonale satsingar som «Samfunnskontrakten for fleire lære plassar» og «Yrkessfaglærarløftet» med på å fremme yrkesfaga. Målet er at fleire skal velje yrkesfag.

## 5 Leiing og profesjonsutvikling

### 5.1 Lokale mål

Måla for leiing og profesjonsutvikling er vedteke i *Fylkesstrategi for kvalitet* (2020-2024, s. 12), og frå ein overordna ståstad lyd måla slik:

Skolen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar sin praksis. Skoleleiinga si overordna målsetting er elevens læring og utvikling i eit inkluderande skolemiljø der enkeltelevens behov og føresetnader blir ivaretakne.

### 5.2 Vurderinga til skoleeigar

Skoleeigar skal halde fram med å legge til rette for gode profesjonsfellesskap på den enkelte skole, og på tvers av dei. Skolane har ansvar for å skape gode og lærande fellesskap mellom sine tilsette, men også på tvers av skolane og i samarbeid med eksterne aktørar. Arbeidet med leiing og profesjonsutvikling må vere framtenkt, heilskapleg og kontinuerleg, også i åra som kjem.

Fagnettverka er den største delen av etterutdanningstilbodet i fylket, og ein viktig bidragsyta som arena for profesjonelle fellesskap på tvers av skolar. Det er viktig for skoleeigar å vidareutvikle nettverka i lag med skoleleiarar, profesjonsorganisasjonane og fagnettverka sjølve.

Innføringa av nytt læreplanverk (LK20), vurderingspraksis og elevmedverknad vil halde fram som fokusområde. Fokusområda gjer seg gjeldande både innanfor profesjonsutvikling, fagnettverka og dei desentraliserte ordningane.

Vi skal også i gong med å implementere *kunnskapsløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis*, som vil inngå i dei desentraliserte ordningane for kompetanseutvikling.

Kompetanseløftet vil føre med seg til dels store endringar. StatPed vil i fase ut mange av tenestene sine fram mot 2025, og desse vil det etter kvart vere skolane som blir ansvarlege for. For at dette skal vere mogleg må vi kartlegge dei spesialpedagogiske kompetansane i fylket, og legge ein plan for korleis desse skal bli fordelte for å ta vare på elevomsyna på kvar enkelt skole.


Grunna koronapandemien har fysiske samlingar i stor grad blitt erstatta av digitale løysingar. Den plutselige omstillinga har gitt oss mange verdfulle erfaringar, og desse vil vi ta med oss vidare i arbeidet framover.

### 5.2.1 Oversikt over kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling skjer over fleire ledd, og er ei kontinuerleg og lovpålagt oppgåve. Skoleeigar har ansvaret for å sikre riktig og naudsynt kompetanse i skolane, jf. Opplæringslovas § 10-8 *Kompetanseutvikling*. Første leddet er grunnutdanning av lærarar som manglar grunnleggande pedagogisk utdanning. Neste ledd er vidareutdanning, som er formell vidareutdanning med studiepoeng. Til slutt har ein etterutdanning, som er lokal kompetanseutvikling i dei lærande fellesskapa på skolane og på tvers av skolane.

Det meste av kompetanseutvikling blir gjennomført i profesjonsfellesskapa på den enkelte skole. Dette er arbeid som skjer i tråd med prioriterte satsingsområde, forsking og lokale kompetansebehov. Lokal kompetanseutvikling skal også skje i profesjonsfellesskap mellom skolane, mellom næringsliv og skole og i partnarskap med blant anna høgskolar og universitet.

Sjå figur for oversikt over kompetanseutvikling på neste side.



Figur 58: Oversikt over kompetanseutvikling i vidaregående opplæring i Møre og Romsdal

## 5.2.2 Grunnutdanning

Tilsette lærarar som manglar godkjent utdanning, og personar som ønsker å kvalifisere seg til læraryrket, kan søke utdanningsstipend hos Utdanningsdirektoratet. Det kan søkast inn på praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og yrkesfaglærarutdanning (YFL). PPU og PPU-Y-utdanninga er toårig, mens YFL-utdanninga er på tre år. Møre og Romsdal fylkeskommune fekk godkjent 23 søkerar i stipendordninga hausten 2020, og 22 søkerar hausten 2021.

## 5.2.3 Vidareutdanning for lærarar *Kompetanse for kvalitet*

I skoleåret 2020-2021 fekk 50 lærarar frå skolane våre teke vidareutdanning gjennom den statlege vidareutdanningsstrategien *Kompetanse for kvalitet*. Deltakarane vart prioriterte av skolane for å sikre samsvar mellom kompetansebehov og kompetanseutviklingsplanane til skolane. Hausten 2021 er det teke inn ytterlegare 76 lærarar i ordninga.

#### 5.2.4 Lærarspesialistordninga

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde 15 lærarspesialistar i funksjon skoleåret 2020-2021, vi har fått 3 nye lærarspesialistar i funksjon skoleåret 2021-2022. Ein lærar starta lærarspesialistutdanninga si hausten 2020, mens fire lærar starta på utdanninga hausten 2021. Funksjon og utdanning som lærarspesialist er ei nasjonal satsing, og ein karriereveg for å sikre godt kvalifiserte lærarar i klasseromma. Utdanninga er over to år.

Ein ser i [Hurdalsplattformen 2021-2025](#) (s. 52) at ny Regjering vil erstatte lærarspesialistordninga ved å: «Leggje til rette for fleire karrierevegar i skulen og erstatte lærarspesialistordninga med ei partsforankra ordning som gir lærarar betre tid til utviklingsarbeid, og som styrkjer profesjonsfellesskapa i skulen».

#### 5.2.5 Etterutdanning

I den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling i skole (Dekom skole) blir statlege midlar for etterutdanning kanalisert gjennom Statsforvaltaren. Målet med ordninga er å styrke den kollektive kompetansen i skolar ut frå lokale behov og gjennom partnarskap med universitet og høgskolar. Midlane for skoleåret 2020-2021 vart brukte til kompetanseutvikling av pedagogiske tilsette og leiarar innanfor temaa Kunnskapsløftet 2020, vurderingspraksis, elevmedverknad og innsatsteam mot mobbing.

Den desentraliserte ordninga for yrkesfag (Dekom-YF) er lik på fleire område, men med nokre forskjellar. Målgruppene til denne ordninga blant anna lærarar i vidaregåande skolar, instruktørar og faglege leiarar som gir opplæring i bedrift og prøvenemndsmedlemmar.

Måla for Dekom-YF er å styrke kompetansane i skolar og lærebedrifter ut frå lokale behov, etablere og styrke langsiktige samarbeid mellom skole og arbeidsliv og å skape gjensidig kompetanseutvikling med utveksling av kunnskapar og erfaringar mellom aktørane i fag- og yrkesopplæringa. I tillegg har yrkesfaglærarar moglekeit til kompetanseutvikling gjennom ordninga Yrkesfaglærar 2. Midlane for skoleåret 2020-

2021 vart brukte til fagleg oppdatering og hospitering. Ordningane er finansiert av Kunnskapsdepartementet som ein del av Yrkesfaglærarløftet.

Kompetanse- og næringsavdelinga bidreg også til kompetanseutvikling gjennom samlingar, workshops og liknande. Gjennom fagnettverka blir det arrangert blant anna etterutdanningskurs, fagnettverksmøter, arbeidsutvalsmøter og fleire faglege samlingar. Fagnettverka er det mest omfattande tiltaket for kompetanseutvikling og erfaringsdeling for lærarar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

Det blir også arrangert årlege kurs for nye faglege leiarar og instruktørar som rettleiar lærlingar og lærekandidatar med opplæring i bedrifter. Talet på kursdeltakarar er mellom 300-400 kvart år. Kompetanseutvikling av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmar skal sikre kvaliteten på fag- og sveineprøvene, og at fastsett fagleg bransjenivå blir halde ved like.

Kvart år deltek rådgivarar frå grunnskole og vidaregåande skole på konferanse i regi av fylkeskommunen. Det blir også arrangert fleire regionale nettverksmøter for rådgivarar. Tema på møta er basert på satsingsområde og strategiar, og agendaen blir til i samarbeid mellom fylkeskommunen og rådgivarane.

OT-koordinatorane i fylket har to årlege samlingar for kvalitetsutvikling av tenesta. Fylkeskommunen si PP-teneste held årlege regionale nettverkssamlingar for rektorar, PPT-leiarar og spesialpedagogisk ansvarlege i dei vidaregåande skolane. Samarbeid, samhandling og kvalitetssikring er nøkkelord for innhald på desse samlingane.

### 5.2.6 Skolebasert etterutdanning

Skolen skal vere eit lærande fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over fellesverdiar, og vurderer og vidareutviklar sin praksis. Kompetanseutvikling må vere forankra på kvar enkelt skole, mellom alle tilsette. Dei ulike tiltaka for skolebasert etterutdanning finn ein i årsmeldingane frå skolane. Alle skolane vektlegg etterutdanning og vidareutviklinga av profesjonsfellesskap.

### 5.2.7 Etter- og vidareutdanning av leiatar

Kvar haust blir det arrangert ei samling for skoleleiatarar i Møre og Romsdal, med omlag 150 deltagarar. I tillegg blir det gjennomført ei årleg samling for toppleiarane i skolane, rektor og assisterande rektor, med tema innan skoleleiing. Rektormøter blir gjennomførte kvar månad, som ein del av leiardialogen mellom skoleleiatarane og skoleeigar. Tema for møta er aktuelle pedagogiske og skolefaglege tema innan skoleutvikling og drift. Nokre av rektormøta er regionale, med vekt på erfaringsdeling og drøfting med rektorkolleget i mindre grupper. Grunna koronapandemien har desse møta i stor grad vore digitale, og det har gjort det mogleg med kortare og hyppigare møter for å diskutere og avklare aktuelle problemstillingar. Framover vil vi halde på dei digitale møta, men ha nokre fysiske samlingar der dette er vurdert som nyttig.

Skoleleiatarane får tilbod om vidareutdanning gjennom leiaturviklingsprogrammet til Fylkesakademiet, eller gjennom den statlege rektorutdanninga. Hausten 2020 starta ein skoleiar rektorutdanning, og sju skoleleiatarar starta slik utdanning hausten 2021.

## 6 Ressursbruk

Ressursbruken i vidaregåande opplæring blir påverka av fleire faktorar, som skolestorleik og korleis elevane er fordelt mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram er elevtalet per klasse omlag halvparten av talet innanfor studieførebuande utdanningsprogram.


Tala for ressursbruken i den vidaregåande opplæringa blir publiserte av Utdanningsdirektoratet på [udir.no](http://udir.no). Her finn vi tala for alle fylka. Dette gjer at vi kan samanlikne ressursbruken vår med ressursbruken til dei andre fylkeskommunane.

I skoleåret 2020-2021 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 9 332 elevar fordelt på 22 skolar. I snitt hadde skolane våre 424 elevar. Snittet til dei andre fylkeskommunane var 541 elevar per skole. Møre og Romsdal ligg 28 prosent under snittet. Samanlikna med dei andre er det berre Troms og Finnmark fylkeskommune som har lågare elevtal per skole (Utdanningsdirektoratet, 2021). I samanlikninga av fylka på kva det kostar å produsere vidaregåande opplæring, har vi brukt desse nøkkeltala (sjå neste side):

Fylke	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter studieførebuande utdanningsprogram per elev	Driftsutgifter yrkesfaglege utdanningsprogram per elev	Driftsutgifter til fagopplæring per lærling
Møre og Romsdal	174 495	77 498	107 752	88 265
Snitt fylka utan Oslo og utan M&R	177 296	75 652	106 266	90 301
Høgaste	208 428	85 613	116 488	96 842
Lågaste	161 614	71 147	98 575	81 434
Rangering M&R	6	3	3	6

Figur 59: Oversikt over ressursbruk i vidaregåande opplæring

Møre og Romsdal er rangert som nr. 6 i driftsutgifter per elev. Dette betyr at 4 av fylka har lågare driftsutgifter enn Møre og Romsdal, og at 5 av fylka har høgare driftsutgifter:



Figur 60: Driftsutgifter per elev. Kjelde: SSB


Tala viser at driftsutgiftene våre per elev er litt lågare enn gjennomsnittet for landet. For studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram ligg vi litt høgare enn snittet. Vi ligg litt under landssnittet for driftsutgifter til fagopplæring. Når driftsutgiftene per elev likevel er lågare enn snittet for landet skuldast dette at vi har lågare utgifter per elev på andre områder.

Tabellen under syner nokre av desse områda:

Fylke	Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokalar og internat i vidaregående opplæring per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til pedagogisk leiing og pedagogiske fellesutgifter per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleforvaltning per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring vidaregående opplæring per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til oppfølgingsteneste og pedagogisk-ipsykologisk teneste i vidaregående opplæring per elev
Møre og Romsdal	32 122	14 256	18 538	19 230	820
Snitt fylka utan Oslo og utan M&R	32 492	20 169	17 260	16 542	3 139
Høgaste	40 115	22 677	25 751	20 900	4 085
Lågaste	27 288	14 256	12 015	13 384	820
Rangering M&R	5	10	4	2	10


Figur 61: Samanlikning, utvalde utgiftsområde

Vi bruker svært lite på pedagogisk leiing samanlikna med dei andre fylka. Figuren under viser at vi er fylket som brukar minst ressursar på dette:



Figur 62: Korrigerte brutto driftsutgifter til pedagogisk leiing og fellesutgifter per elev. Kjelde: SSB

I tala kjem det også fram at vi bruker meir til spesialundervising og særskilt tilpassa opplæring enn dei andre fylka. I figuren under ser vi at berre Nordland bruker meir ressursar på dette enn oss:



Figur 63: Korrigerte brutto driftsutgifter spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring, per elev.  
Kjelde: SSB

## 7 Arbeidet vidare

I det vidare arbeidet med å utvikle kvaliteten til den vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal skal vi i tida framover:

1. **Auke gjennomføringa**, med mål om at over 85 prosent av elevar og lærlingar skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring.
2. **Arbeide vidare med læringsmiljø**, med mål om at arbeidet skal bidra til trygge skole- klasse- og arbeidsmiljø, trivsel og læring. Eit godt læringsmiljø bidreg til livsmeistring, og legg til rette for utvikling av sosiale og faglege kompetansar.
3. **Betre læringsutbyttet gjennom aktiv medverknad**, med mål om at elevar og lærlingar skal ha moglegheit til å medverke i opplæringa si. Elevar og lærlingar skal bli høyrde og involverte i eige læringsarbeid. Skolar og lærebedrifter skal vere aktive i arbeidet med å inkludere elevane og lærlingane sine, slik at dei opplever reell medverknad.
4. **Betre overgangane i opplæringa**, med mål om at gode overgangar skal føre til at fleire gjennomfører den vidaregåande opplæringa. I overgangsarbeidet skal elevar med særskilt sårbarheit, karriererettleiing og formidlingsarbeid stå i særleg fokus. Arbeidet skal betre samarbeidsstrukturane for overgangar frå ungdomsskole til vidaregåande, frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift og i overgangar til høgare utdanning. Det skal bli arbeidd med å skape fleire opplærings- og læreplassar i samarbeid med det lokale og regionale næringslivet.
5. **Vidareutvikle leiing, skoleutvikling og profesjonsfellesskap**, med mål om å fremme gode delings- og læringskulturar gjennom aktiv deltaking og dialogar. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus i arbeidet med skolebasert kompetanseutvikling, digital kompetanse, læreplanarbeid og vurderingspraksis.

## Figuroversikt

Figur 1: Årshjul for kvalitetsarbeid i Møre og Romsdal fylkeskommune .....	5
Figur 2: Oversiktskart, vidaregåande skolar i Møre og Romsdal .....	6
Figur 3: Overblikk over indikatorane i Elevundersøkinga, gjennomsnitt. Kjelde: Hjernen&Hjertet: .....	13
Figur 4: Mobbing, utvikling over tid. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	14
Figur 5: Trygt miljø. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	15
Figur 6: Mobbing på skolen, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	15
Figur 7: Felles reglar. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	16
Figur 8: Læringskultur. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	16
Figur 9: Arbeidsforhold og læring. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	17
Figur 10: Digitale ferdigheter. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	18
Figur 11: Vurdering for læring. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	19
Figur 12: Elevdemokrati og medverknad. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	20
Figur 13: Utdanning og yrkesrettleiing, ungdomsskole og vgs. Kjelde: Hjernen&Hjertet	21
Figur 14: Svarfordeling, heimeskole 2020-2021. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	22
Figur 15: Overblikk over indikatorar i lærlingundersøkinga, gjennomsnitt. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	24
Figur 16: Opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	25
Figur 17: Opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, Lærebedriftsundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	25
Figur 18: Trivsel blant lærlingane i fylket, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	26
Figur 19: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	26
Figur 20: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærebedriftsundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	27
Figur 21: Halvårsvurdering, innhald, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	27
Figur 22: Halvårsvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	28
Figur 23: Resultat fullført og bestått skoleåret 2020-2021, samanlikning med andre fylke, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	29
Figur 24: Fullført og bestått, resultat over tid, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	30
Figur 25: Fullført og bestått, fordelt på utdanningsprogram, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	32
Figur 26: Fullført og bestått, fordelt på program, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	33
Figur 27: Fullført og bestått, kjønnsfordeling, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	33
Figur 28: Fullført og bestått, fordelt på kjønn og utdanningsretning, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	34
Figur 29: Fullført og bestått, fordelt på skolar, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	35
Figur 30: Karaktersnitt, totalt. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	35
Figur 31: Karaktersnitt fordelt på kjønn og utdanningsretning. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	36
Figur 32: Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	37
Figur 33: Karakterpoengsum frå grunnskolen. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	38
Figur 34: Totalfråvær over tid i Møre og Romsdal, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet .....	38

<i>Figur 35: Totalfråvær samanlikna med dei andre fylka. Kjelde: Hjernen&amp;Hjertet .....</i>	39
<i>Figur 36: Ikkje vurdering i fag (IV), nasjonal utvikling over tid, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	40
<i>Figur 37: Elevar som slutta 2020-2021, fordelt på fylke og trinn, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	41
<i>Figur 38: Elevar som slutta fordelte på kjønn, prosent. Kjelde: Hjernen&amp;Hjertet .....</i>	41
<i>Figur 39: Elevar som slutta fordelte på utdanningsprogram, prosent av samla elevtal. Kjelde: Hjernen&amp;Hjertet .....</i>	42
<i>Figur 40: Elevar som slutta fordelte på årsak, prosent. Skoleåret 2020-2021. Kjelde: Hjernen&amp;Hjertet .....</i>	43
<i>Figur 41: Ungdom i oppfølgingstenesta på ulike aktivitetar fordelt på fylke per juni 2021, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	44
<i>Figur 42: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, 2014-kullet. Kjelde: SSB.....</i>	47
<i>Figur 43: Gjennomføring i løpet av fem/seks år inkludert planlagt grunnkompetanse, prosent, 2014-kullet. Kjelde: SSB .....</i>	48
<i>Figur 44: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, studieførebuande utdanningsprogram, 2014-kullet. Kjelde: SSB .....</i>	49
<i>Figur 45: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, yrkesfaglege utdanningsprogram, 2014-kullet. Kjelde: SSB .....</i>	50
<i>Figur 46: Gjennomføring i Møre og Romsdal i løpet av fem/seks år etter utdanningsprogram, prosent, 2014-kullet. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	51
<i>Figur 47: Gjennomføring på landsbasis i løpet av fem/seks år fordelt etter utdanningsprogram, prosent, 2014-kullet. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	51
<i>Figur 48: Framleis i vidaregåande opplæring etter fem/seks år, utan å ha fullført, prosent, 2014-kullet. Kjelde: SSB .....</i>	52
<i>Figur 49: Del av alle i vidaregåande opplæring som er elevar og lærlingar i yrkesfaga, prosent, for 2018 (blå), 2019 (rød) og 2020 (grå). Kjelde: SSB .....</i>	53
<i>Figur 50: Del greidde fag- og sveineprøver, prosent. Kjelde: SSB .....</i>	54
<i>Figur 51: Tal og prosent på heva lærekontraktar i 2020. Kjelde: Qlik Sense .....</i>	55
<i>Figur 52: Tal og årsak til heva lærekontraktar i 2020. Kjelde: Qlik Sense .....</i>	55
<i>Figur 53: Del elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram vg2, som er i lære i året etter, prosent. Kjelde: SSB .....</i>	56
<i>Figur 54: Fordeling per september 2021, overgang frå vg2 yrkesfag. Kjelde: Qlik Sense</i>	57
<i>Figur 55: Nye lærekontraktar fordelt på fylke. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	58
<i>Figur 56: Søkarar som har fått kontrakt i 2020, etter fylke og kontraktstype, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	59
<i>Figur 57: Sysselsettingsstatus for fagutdanna første år etter greidd fag- eller sveinebrev, 2019+2020. Kjelde: Utdanningsdirektoratet .....</i>	60
<i>Figur 58: Oversikt over kompetanseutvikling i VGO i Møre og Romsdal .....</i>	64
<i>Figur 59: Oversikt over ressursbruk i vidaregåande opplæring .....</i>	68
<i>Figur 60: Driftsutgifter per elev. Kjelde: SSB .....</i>	69
<i>Figur 61: Samanlikning, utvalde utgiftsområde .....</i>	69
<i>Figur 62: Korrigerte brutto driftsutgifter til ped. leiing og fellesutgifter per elev. Kjelde: SSB .....</i>	70
<i>Figur 63: Korrigerte brutto driftsutgifter spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring, per elev. Kjelde: SSB .....</i>	71





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde  
Telefon 71 25 80 00  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[mrfylke.no](http://mrfylke.no)